

Saksframlegg

Saksnr	Utval	Møtedato
48/11	Formannskapet	07.12.2011
77/11	Kommunestyret	15.12.2011

KOMMUNEPLAN FOR STORD KOMMUNE 2010 - 2012

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret vedtek med heimel i § 11-15 i Plan- og bygningslova kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021.

Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2011

PS 48/11 – KOMMUNEPLAN FOR STORD KOMMUNE 2010 - 2012

Innstilling:

Kommunestyret vedtek med heimel i § 11-15 i Plan- og bygningslova kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021 med følgjande endringar:

- 1) Endringar i til arealdelen:
 - a) Delar av område på Hystad, vist som område B12 i notat frå fylkeskommunen av 05.12.11, vert frigjort til bustadområde og vert lagt inn i samsvar med vedlagt kart frå fylkeskommunen.
 - b) Kommunestyret viser til dokumentert behov for fleire bustadar i kommunen – ikkje minst i Nordbygda. Gjennom planprosessane er fleire sentrale og attraktive område falt ut, særleg etter ønske / krav frå styresmakter på fylkesnivå. Kommunestyret finn på denne bakgrunn å ta med B16 Tyse – Vestlio i kommuneplanen.
 - c) Prosesjonsvegen v/kyrkja kan vurderast lagt på begge sider av Ådlandsvegen.
- 2) Endringar i føresegnene:
 - a) Føresegnene §3.4 vert endra i samsvar med notat frå fylkeskommunen av 05.12.11.
 - b) §1.52 i føresegnene vert endra til: Når det gjeld universell utforming skal Stord kommune vedta planar i samsvar m/TEK 10 eller revisjon av desse.
 - c) §1.49 i føresegnene vert endra til: I hovudsak bør ein del parkering i Leirvik og Sagvåg vera under bakken eller parkering bør leggest i bakkant og ikkje skje mot gatefasaden.
- 3) Merknader i til arealdelen:
 - a) Fordelinga mellom ulike arealføremål i Heiane Sør er fastsett etter ei førebels vurdering, og endelege grenser mellom dei ulike føremåla vert teke stilling til i samband med behandling av etterfølgjande områderegeringsplan. Vidare utviding av industriområde i sør (gjeld ikkje landbruksareal) vert også teke stilling til i områderegeringsplanen.

- b) Dei ulike sektorplanane vert føresett revidert i samsvar med det utbyggingsmønsteret som vert vedteke i kommuneplanen med nødvendig tilpassing av prioriteringsar og budsjett. I den samanheng kan det vera aktuelt å inngå avtale med private utbyggjarar om m.a. forskottering.

4) Merknadar til tekstdelen:

- a) Kommunestyret tek inn att i planen felt B-16 som kan gje inntil 70 bustadeiningar og at ein vurderer for felt B-10/14 oppjustering av antalet eininar frå 55-100 til 150.
- b) Hovudutfordringar for stordsamfunnet s. 11
Målretta utvikling... "eit stadig betre samarbeid og større samhandling med nabokommunane."
- c) Samfunnstryggleik s. 13 – underpunkt etter "Sårbare objekt"
Sikre trafikksikring / transport avvikling med ev mellombels stenging av Trekantsambandet.
- d) Samfunnstryggleik s. 17
vedr. Forpliktande samarbeid i Sunnhordland; Her bør og "Haugalandet" føyast til.
- e) Miljø, estetikk og trivsel s. 31
Jordbruket og bøndene er viktige i arbeidet og vedlikehalde av kulturlandskapet.
- f) Delmål klima og energi s. 32
Det bør nemnast her at: "Naturgassnettet bør gi høve til å leggja inn biogass i nettet."
- g) Delmål næringskap. s. 37
"Det kommunale næringsarbeid bør i sterkare grad rettast inn mot dei område der industri / næringslivet var ei verdsleiande og har konkuransefortrinn."
- h) Reformulering Kyststi s. 60
"Samanhengande tursti frå Moloen til HSH"
- i) Energi s. 65
Ta med naturgass på s. 65 etter vassboren varme.
- j) Energi s. 65
Naturgass bør kunna nyttast som alternativ varmekjelde i bygg i Stord kommune.

Handsaming

Pkt 1 a og c	Samrøystes tilrådd
Pkt 1 b	Tilrådd med 8 mot 1 røyst (Åshild Rygg Tonning, SP)
Pkt 2 a og c	Samrøystes tilrådd
Pkt 2 b	Tilrådd med 8 mot 1 røyste (Håkon Frode Særsten, V)
Pkt 3 og 4	Samrøystes tilrådd
Kommuneplanen elles	Samrøystes tilrådd

Habilitet:

Liv Kari Eskeland, H stilte spørsmål om eigen habilitet då ho er eigar av delar av arealet på Hystad og har interesser saman med sambuar på Tyse. Ho meiner å vera part i saka og tredde frå under habilitetsspørsmålet. Vara var kalla inn og tok plass.

Jakob Bjelland, Sp stilte spørsmål om eigen habilitet då han har sendt inn innspel til planen og vil difor vera part i saka og tredde frå under handsaminga av habilitetsspørsmålet. Vara var kalla inn og tok plass.

Formannskapet diskuterte habilitetsspørsmåla og fatta følgjande vedtak:

Eskeland vart samrøystes kjent inhabil jf fvl § 6 andre ledd.

Bjelland vart samrøystes kjent inhabil jf fvl § 6 bokstav a).

Leif-Stinar Alfsvåg (KRF) kom med framlegg om pkt 1 a og 2 a, slik det ligg føre i innstillinga.

Harry Herstad (AP) kom med framlegg til pkt 1 b, 4 d, f, g, h og i, slik det ligg føre i innstillinga.

Jan Arild Nesse, H kom med framlegg om pkt 1 c, 2 b og c, 3 a og b, 4 a og j, slik det ligg føre i innstillinga.

Håkon Frode Særsten (V) kom med framlegg til pkt 4 c, slik det ligg føre i innstillinga.

Åshild Rygg Tonning (SP) kom med framlegg til pkt 4 b og e, slik det ligg føre i innstillinga.

Dokument delt ut i møtet:

E-post frå plansjef, Ove Kvalnes, datert 07.12.2011 med endringar i tekstdelen etter høyringsrunden og offentleg ettersyn.

Frå Fylkesmannen i Hordaland datert 05.12.2011 – Stord kommune – Uttale til revidert planframlegg til kommuneplanen sin arealdel. Fylkesmannen trekk med dette si motsegn til kommuneplanen sin arealdel.

Frå Hordaland fylkeskommune notat datert 05.12.2011 – Kommuneplan Stord 2010-2021 – Kulturminnefagleg innspel etter møte og synfaring – opprettheld motsegn.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 15.12.2011

PS 77/11 – KOMMUNEPLAN FOR STORD KOMMUNE 2010 - 2012

Vedtak:

Kommunestyret vedtek med heimel i § 11-15 i Plan- og bygningslova kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021 med følgjande endringar:

1) Endringar i til arealdelen:

- a) Delar av område på Hystad, vist som område B12 i notat frå fylkeskommunen av 05.12.11, vert frigjort til bustadområde og vert lagt inn i samsvar med vedlagt kart frå fylkeskommunen.
- b) Kommunestyret viser til dokumentert behov for fleire bustadar i kommunen – ikkje minst i Nordbygda. Gjennom planprosessane er fleire sentrale og attraktive område falt ut, særleg etter ønske / krav frå styresmakter på fylkesnivå. Kommunestyret finn på denne bakgrunn å ta med B16 Tyse – Vestlio i kommuneplanen.
- c) Prosesjonsvegen v/kyrkja kan vurderast lagt på begge sider av Ådlandsvegen.
- d) Kommunestyret vedtek at gnr/bnr 60/23 vert endra frå LNF område til område for fritidsbustad og eken inn i framlegg til kommuneplan.

2) Endringar i føresegnene:

- a) Føresegnene §3.4 vert endra i samsvar med notat frå fylkeskommunen av 05.12.11.
- b) Ta bort § 1.52 som omhandlar krav til universell utforming for minimum 2/3 av bueningane fordi § 1.51 omhandlar dette, og er betre og det er nok med berre den.

- c) §1.49 i føresegnene vert endra til: Parkering i tilknytning til utbygging i Leirvik og Sagvåg skal i hovudsak leggjast i bygg eller under bakken eller i bakkant og ikkje langs gatefasade.
- d) § 1.10 Ved tiltak i område der det ikkje ligg føre plankrav, skal regional kulturminneforvaltning ha saka til vurdering før vedtak vert fatta.

§ 3.4 tillegg:

Tiltak på eller nær Sefrak-registrerte bygg som er eldre enn 1850 og alle tiltak på dei opplista fritidsbustad- og nausteigedomane i velegg C skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.

§ 5.14 Retningslinjer:

Omsynssone H570_238, sone med særleg bevaring av kulturmiljø. Ved tiltak i området skal søknad sendast regional kulturminnemynde for vurdering. Ved handsaming av byggjesaker skal omsyn til kulturmiljø vektleggjast før det vert avgjort om tiltaket kan gjennomførast, og om lokalisering og utforming av det. Lengst aust i omsynssona ligg eit automatisk freda kulturminne, ein gravhaug (Askeladden id 6041).

3) Merknader i til arealdelen:

- a) Fordelinga mellom ulike arealføremål i Heiane Sør er fastsett etter ei førebels vurdering, og endelege grenser mellom dei ulike føremåla vert teke stilling til i samband med behandling av etterfølgjande områderegeringsplan. Vidare utviding av industriområde i sør (gjeld ikkje landbruksareal) vert også teke stilling til i områderegeringsplanen.
- b) Dei ulike sektorplanane vert føresett revidert i samsvar med det utbyggingsmønsteret som vert vedteke i kommuneplanen med nødvendig tilpassing av prioriteringsar og budsjett. I den samanheng kan det vera aktuelt å inngå avtale med private utbyggjarar om m.a. forskottering.

4) Merknadar til tekstdelen:

- a) Kommunestyret tek inn att i planen felt B-16 som kan gje inntil 70 bustadeiningar og at ein vurderer for felt B-10/14 oppjustering av antalet einingar frå 55-100 til 150.
- b) Hovudutfordringar for stordsamfunnet s. 11
Målretta utvikling..."eit stadig betre samarbeid og større samhandling med nabokommunane."
- c) Samfunnstryggleik s. 13 – underpunkt etter "Sårbare objekt"
Sikre trafikksikring / transport avvikling med ev mellombels stenging av Trekantsambandet.
- d) Samfunnstryggleik s. 17
vedr. Forpliktande samarbeid i Sunnhordland; Her bør og "Haugalandet" føyast til.
- e) Miljø, estetikk og trivsel s. 31
Jordbruket og bøndene er viktige i arbeidet og vedlikehalde av kulturlandskapet.
- f) Delmål klima og energi s. 32
Det bør nemnast her at: "Naturgassnettet bør gi høve til å leggja inn biogass i nettet."
- g) Reformulering Kyststi s. 60
"Samanhengande tursti frå Moloen til HSH"
- h) Energi s. 65
Ta med naturgass på s. 65 etter vassboren varme.
- i) Energi s. 65
Naturgass bør kunna nyttast som alternativ varmekjelde i bygg i Stord kommune.

Handsaming

Pkt 1b Vedteke med 24 mot 11 røyster (SV, V, Sp, Jan Reinemo, Krf, Fredrik Litleskare, D, Leif Heimro og Tordis Nysæter begge Ap).
Pkt 1d, 2c og 2d Samrøystes vedteke
Pkt 2b Vedteke med 33 mot 2 røyster (SV)
Kommuneplanen med endringar - samrøystes vedteke

Habilitet:

Liv Kari Eskeland, H, tok opp spørsmål om eigen habilitet då ho er eigar av delar av arealet på Hystad og har interesser saman med sambuar på Tyse. Ho gjekk frå under handsaminga av habilitetsspørsmålet. Vara var kalla inn og tok plass.

Jakob Bjelland, Sp, tok opp spørsmål om eigen habilitet då han har sendt inn innspel til planen. Han gjekk frå under handsaminga av habilitetsspørsmålet. Vara var kalla inn og tok plass.

Margareth Ottesen Mjønes, Frp, tok opp spørsmål om eigen habilitet då ho er grunneigar av delar av arealet i Dyvik som er omtala i Kommuneplanen og gjekk frå under handsaminga av habilitetsspørsmålet. Vara var kalla inn og tok plass.

Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

Eskeland vart samrøystes kjent inhabil jf fvl § 6 andre ledd.
Bjelland vart samrøystes kjent inhabil jf fvl § 6 bokstav a).
Mjønes vart samrøystes kjent habil og tok plass att, jf fvl § 6 andre ledd.

Harry Herstad, Ap, kom med framlegg til pkt 1 d, slik det ligg føre i vedtaket.

Aase L. Lund, H, kom med framlegg til nytt pkt 2 b, slik det ligg føre i vedtaket.

Aase L. Lund, H, kom med framlegg til nytt pkt 2 c, slik det ligg føre i vedtaket.

Leif-Stienar Alfsvåg, Krf, kom med framlegg om tillegg i føresegnene, då fylkesmannen trakk motføresegner i brev dagsett 14.12.2012. Framlegget er likelydande med pkt 2 d i vedtaket.

Oskar Langeland, Krf, kom med følgjande framlegg til vedtak.

Merknad pkt g frå formannskapet vert tatt ut. (delmål næringskap.)
(Dette kan føra til ei omprioritering av næringsarbeidet som me ikkje bør gjera no.)

Vedteke med 26 mot 9 røyster (Ap utan Wilhelm Engelsen)

Dokument lagt fram i møtet:

Brev frå Hordaland fylkeskommune datert 14.12.2011 – Kommuneplan Stord 2010-2021 – Hordaland fylkeskommune trekkjer motsegnene.

Oddvard Rommetveit, Sp, kom med følgjande framlegg til vedtak:

Heile felt B/N 10-14 vert trekt ut av planen.

Framlegget fekk 3 røyster (SV og Oddvard Rommetveit , Sp)

Nils Gunnar Waage; Frp, kom med følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret krev å få geolograpport utarbeidd av Geolog Bjørn E. E. Neumann etter oppdrag frå fylkesmannen sin miljøavdeling. Rapporten er førelagt og sett bort frå.

Dette meiner me er uansvarleg i forhold til miljø. For oss er det viktig at ting blir gjort rett i forhold til det som me blir pålagt.

Framlegget fekk 8 røyster (FRP, V og Åshild R. Tønning, Sp)

Nils Magne Blålid, SV, kom med følgjande framlegg til vedtak:

§ 1.52 Alle nye einestadar skal vere tilgjengelege ved at alle hovedfunksjonar ligg på inngangsplanet, og føl krava i Byggeteknisk forskrift 2010 til tilgjengeleg bueining (§12.2 TEK 10). Tilkomst skal vere trinnfri og vidare følgje Byggeteknisk forskrift (TEK 10 § 8.6)

Framlegget fekk 2 røyster (SV)

§1.9 Ved alle nye byggeområde skal det leggjast til rette for bruk av vassboren varme med fornybare alternativ energi og eller biogass/naturgass som energikilder.

Framlegget fekk 2 røyster (SV)

§ 1.40 A. Ved alle utbyggingar som krev meir enn 20 parkeringsplassar skal minimum 5 av parkeringsplassane leggjast til rette for bruk av el-bil.

Framlegget fekk 5 røyster (SV, V og Åshild R. Tønning, Sp)

§1.40 B. Ved utbyggingar som krev mindre enn 20 parkeringsplassar skal 10% eller minst 1 av parkeringsplassane leggjast til rette for bruk av el-bil.

Framlegget fekk 8 røyster (SV, V, Åshild R. Tønning, Sp, Bjørnar Helgesen, Margareth Mjønes og Martha-Linn Maraas alle Frp)

Geir Angeltveit, V, kom med følgjande framlegg til vedtak:

§1.16 det skal takast omsyn til ENØK tiltak som går ut på mindreforbruk av energi og tilstrekkeleg isolering.

Framlegget fekk 7 røyster (SV, V og SP)

Formannskapet si innstilling:

Innstilling:

Kommunestyret vedtek med heimel i § 11-15 i Plan- og bygningslova kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021 med følgjande endringar:

1) Endringar i til arealdelen:

- a) Delar av område på Hystad, vist som område B12 i notat frå fylkeskommunen av 05.12.11, vert frigjort til bustadområde og vert lagt inn i samsvar med vedlagt kart frå fylkeskommunen.
- b) Kommunestyret viser til dokumentert behov for fleire bustadar i kommunen – ikkje minst i Nordbygda. Gjennom planprosessane er fleire sentrale og attraktive område falt ut, særleg etter ønske / krav frå styresmakter på fylkesnivå. Kommunestyret finn på denne bakgrunn å ta med B16 Tyse – Vestlio i kommuneplanen.
- c) Prosesjonsvegen v/kyrkja kan vurderast lagt på begge sider av Ådlandsvegen.

2) Endringar i føresegnene:

- a) Føresegnene §3.4 vert endra i samsvar med notat frå fylkeskommunen av 05.12.11.
- b) §1.52 i føresegnene vert endra til: Når det gjeld universell utforming skal Stord kommune vedta planar i samsvar m/TEK 10 eller revisjon av desse.
- c) §1.49 i føresegnene vert endra til: I hovudsak bør ein del parkering i Leirvik og Sagvåg vera under bakken eller parkering bør leggast i bakkant og ikkje skje mot gatefasaden.

3) Merknader i til arealdelen:

- a) Fordelinga mellom ulike arealføremål i Heiane Sør er fastsett etter ei førebels vurdering, og endelege grenser mellom dei ulike føremåla vert teke stilling til i samband med behandling av etterfølgjande områdereguleringsplan. Vidare utviding av industriområde i sør (gjeld ikkje landbruksareal) vert også teke stilling til i områdereguleringsplanen.
- b) Dei ulike sektorplanane vert føresett revidert i samsvar med det utbyggingsmønsteret som vert vedteke i kommuneplanen med nødvendig tilpassing av prioriteringsar og budsjett. I den samanheng kan det vera aktuelt å inngå avtale med private utbyggjarar om m.a. forskottering.

4) Merknadar til tekstdelen:

- a) Kommunestyret tek inn att i planen felt B-16 som kan gje inntil 70 bustadeiningar og at ein vurderer for felt B-10/14 oppjustering av antalet einar frå 55-100 til 150.
- b) Hovudutfordringar for stordsamfunnet s. 11
Målretta utvikling... "eit stadig betre samarbeid og større samhandling med nabokommunane."
- c) Samfunnstryggleik s. 13 – underpunkt etter "Sårbare objekt"
Sikre trafikksikring / transport avvikling med ev mellombels stenging av Trekantsambandet.
- d) Samfunnstryggleik s. 17
vedr. Forpliktande samarbeid i Sunnhordland; Her bør og "Haugalandet" føyast til.
- e) Miljø, estetikk og trivsel s. 31
Jordbruket og bøndene er viktige i arbeidet og vedlikehalde av kulturlandskapet.
- f) Delmål klima og energi s. 32
Det bør nemnast her at: "Naturgassnettet bør gi høve til å leggja inn biogass i nettet."
- g) Delmål næringskap. s. 37
"Det kommunale næringsarbeid bør i sterkare grad rettast inn mot dei område der industri / næringslivet var ei verdslaiande og har konkuransetrinn."
- h) Reformulering Kyststi s. 60
"Samanhengande tursti frå Moloen til HSH"
- i) Energi s. 65
Ta med naturgass på s. 65 etter vassboren varme.
- j) Energi s. 65
Naturgass bør kunna nyttast som alternativ varmekjelde i bygg i Stord kommune.

Oversendingsforslag

Geir Angeltveit, V kom med følgjande framlegg som kommunestyret vedtok å oversenda rådmannen med 22 mot 13 røyster (FRP (utan Nils Gunnar Waage) og AP (utan Wilhelm Engelsen))

Kommunestyret vedtek at § 1.15 i kommuneplanen vert tillagt følgjande setning.
§1.15 Resirkulering av avlaupsvatn og miljøvenlege energiløysingar skal også takst omsyn til.

Endring i premissane

Sannsynsinndelinga under samfunnstryggleik og beredskap i pkt 3.1. i rådmannen sine sakspremissar er endra (tabell), i samsvar ,med rådmannen sine kommentarar til fylkesmannen sin merknad (merknad 1).

Vedlegg

Føresegner
Plankart A3
Tekstdelen
Plankart A0
Teiknfor-
klaring til
plankartet

Vedlegg elles i saka:

Tekstdelen ligg og tilgjengeleg på www.stord.kommune.no under planar/kommuneplanen/revidering av kommuneplanen/kommuneplanrapporten

Her finn ein og følgjande vedlegg:

1. Samanstilling av konsekvensutgreiingar for kommuneplanen sin arealdel
2. Risiko- og sårbarhetsanalyse
3. Strandsonkartlegging i Stord kommune
4. Prosjektrapport "Grøntstruktur ,turveggar og gang- og sykkelveggar på Stord"
5. Planprogram vedteke av kommunestyret 26. 11. 2009
6. Konsekvensutgreiing Heiane sør
7. Konsekvensutgreiing Vestlio, Ørehaugen sør og nord, delrapport 1
8. Konsekvensutgreiing Tyse, delrapport 2
9. Bydelssenter ved Nordbygdo, delrapport 3
10. Konsekvensutgreiing Hystad gnr. 26, bnr. 1 m.fl.
11. Konsekvensutgreiing Tømmervik, del av gnr. 48, bnr. 1
12. Konsekvensutgreiing Kvernaneset
13. Tilleggsvurderingar av ulike mindre arealinnspele m.m.

Alle innspel og innkomne merknader 1 – 53 kan sjåast i kundetorget i Rådhuset.

Bakgrunn / faktiske opplysningar

Gjeldande kommuneplan er for perioden 2004 – 2015 og vart vedteken 12.01.2006. Arbeidet med revidering av planen tok til i 2008 etter at kommunen fekk fleire planinnspele som var naturleg å sjå i kommuneplansamanheng. Med bakgrunn i dette vart det utarbeidd ei planmelding om revidering av kommuneplanen som vart lagt fram for formannskapet i møte 12.11.2008. Formannskapet gjorde då slikt vedtak:

1. *Formannskapet vedtek å setja i gang arbeidet med å revidera kommuneplanen. Denne revideringa skal i utgangspunktet leggja hovudvekt på arealdelen.*
2. *Formannskapet meiner at følgjande arealinnspele/regulerings saker må avventa revidert kommuneplan før reguleringsplanar kan godkjennast:*
 - Småbåthamn ved Skjersholmane
 - Heiane Nord
 - Regulering av gnr. 28 bnr. 1 på Ådland til bustad
 - Regulering for Frugarden aust for Frugardselva
3. *Formannskapet er sterkt bekymra for dekning av næringsareal som me har i kommunen. Formannskapet er difor villig til å forsera prosessar som vil føra til auka tilgang på slikt areal. Formannskapet vil peika på at Heiane Sør har vore på tale i fleire år og ligg i dagens visjon, og at ein difor ser det naturleg at ein opnar for ein framskunding i dette området, etter at planprogrammet for kommuneplanen er vedtatt.*
4. *Planarbeid legg den nye plan- og bygningslova til grunn.*

5. Plan for rehabilitering, helse og omsorg vert integrert i revidert kommuneplan.

I samsvar med den nye plan- og bygningslova vart det utarbeidd planprogram som vart sendt på høyring samstundes som det vart varsla planoppstart. Planprogrammet med konsekvensutgreiingsprogram vart vedteke av kommunestyret i møte 26.11.2009.

Etter ein omfattande planprosess vart forslag til revidert kommuneplan lagt fram for formannskapet i møte 16.03.2011. Formannskapet vedtok å leggja planforslaget ut til offentleg ettersyn med følgjande endringar:

- a) Båthamn ved Skjersholmane vert innarbeidd i kommuneplanen
- b) Buffersone mellom 11 Heiane Sør og 22 Tømmervikjo må nærare utgreiast i høyringsrunden basert på infrastruktur og mulig utnytting av området.

I tillegg ønskte formannskapet vurdert følgjande forslag til endring av § 1.45 i føresgnene:

- c) Ved utbygging av nye, private einestader skal minst 50% av bustadane byggjast med universell utforming, og minst 80% skal ha besøksstandar.

I alle nye bustadprosjekt med to eller fleire bueiningar skal minimum 2/3 av bueiningane ha universell utforming.

Planprosessen

Utkast til revidert kommuneplan og planprosessen er så langt gjennomført i samsvar med ny plan- og bygningslov. Dette har ført til eit langt meir omfattande utgreiingsarbeid i høve til tidlegare planrevideringar, ikkje minst gjeld dette arbeidet med konsekvensutgreiingar og omarbeiding av kartgrunnlaget i arealdelen i samsvar med dei nye føresegnene til planlovverket.

Undervegs har det og vore behov for å få avklart korleis det nye planlovverket med føresegner skal tolkast i praksis. I den samanheng har det i planprosessen vore kontakt og møte både med departementet og regionale styresmakter. Vi har og hatt nytte og erfaring frå arbeidet med kommunedelplan Huglo som vart vedteken i desember 2010 og arbeidet med strandsoneprojektet til Samarbeidsrådet. Ein konsekvens av dette er at det i utgangspunktet har vore vanskeleg å kunna setja opp ein realistisk framdriftsplan.

Revidering av kommuneplanen har og vorte ein svært ressurskrevjande prosess i høve til kommunale budsjettammer. Det har difor vore ein føresetnad i planprogrammet at utbyggjarar som fremjar forslag for private utbyggingsområde, sjølve må leggja fram og kosta nødvendig skildring og konsekvensutgreiing. Truleg er det nytta over 2 mill kr til konsekvensutgreiingar frå utbyggjarar på dei utbyggingsområda som no ligg inne i planforslaget i tillegg til kommunale planleggingskostnader.

Etter oppstart av planarbeidet kom det, i tillegg til innspel frå offentlege organ/lag og organisasjonar, i alt 47 innspel frå private. Desse vart innleiande vurderte og drøfta med formannskapet med tanke på kva arealinnspele som skulle gå vidare og leggjast inn i planen. Det ville elles vorte eit alt for omfattande utgreiingsarbeid dersom alle innspel skulle vorte tekne med vidare i prosessen, jamfør vedlegg 2 som viser innspel med vurdering/kommentar.

Planforslaget vart sendt på høyring og låg ute til offentleg ettersyn i tida 01.04. – 01.06.2011. Det kom inn 53 uttalar og merknader som er oppsummert og kommentert under.

Nærare om plandokumentet og endringar/ tillegg etter høyringsrunden

Rådmannen skal her avgrensa seg til å peika på nokre punkt i plandokumentet.

- **Formelle rammer og føringar** for planarbeidet går fram av side 6- 7. Her skal nemnast at kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei 4 påfølgjande åra eller meir og som skal vurderast kvart år. Økonomiplanen utgjer i Stord kommune handlingsdelen som skal gje grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver og konkretisering av tiltaka innanfor kommunen sine økonomiske rammer. Det er difor føreset at dei økonomiske konsekvensane for kommuneøkonomien for nye utbyggingstiltak vert vurdert i økonomiplanen. Dette gjeld t.d. effektane av rekkefølgjekrav ved manglande skulekapasitet, trafikksikring m.v. Rådmannen vil her og peika på at den kommunale planstrategien som skal vedtakst av kommunestyret første gong i løpet av 2012 skal synleggjera og ta stilling til kva planoppgåver kommunen skal starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ei positiv utvikling i kommunen

- **Plangrunnlaget** skal gje eit dimensjoneringsgrunnlag for kommunal tenesteproduksjon, skuleutbygging, behov for nye bustader m.m. Stord har dei siste åra hatt ein relativt sterk folkeauke med 1.2% auke i perioden 2004 til 2010. I folketalsframskrivinga for perioden 2010 til 2021 er det rekna med ein auke på 1,1%, dvs. folketalet vil auka frå 17 565 til 19 577. Veksten vert størst i aldersgruppa 70-79 år. I aldersgruppene som går på skule, ser det ut som talet på elevar vil gå svakt nedover dei næraste åra.
- **Arbeidsplassar/sysselsetjing** har dei siste åra auka med gjennomsnittleg 200 pr år i netto. I tillegg kjem arbeidsplassar som forsvinn pga omstrukturering, nedlegging m.v. Det er difor sett som mål å skapa 250 nye arbeidsplassar pr år.
- **Bustadbygginga** har variert sterkt frå år til år frå 224 einingar i 2003 til 49 i 2006 og 158 einingar i 2009. Gjennomsnittleg for perioden 2003 til 2009 er 122 einingar pr år. Det vert difor lagt til grunn gjennomsnittleg 150 einingar pr år i perioden 2010 til 2021.
- **Samfunnstryggleik og beredskap** har som tidlegare eit eige kapittel som er ajourført for at dette arbeidet skal verta forankra sentralt i kommuneplanen.
- **Folkehelse** har og fått eit eige kapittel i planen for å synleggjera at folkehelse skal vera eit sentralt element i all samfunnsplanlegging. Folkehelsa vert påverka gjennom all fysisk planlegging og utforming. På bakgrunn av at Stord kommune og deltek i "Partnerskap for folkehelse i Hordaland" er det og viktig at kommunen flaggar dette arbeidet i kommuneplanen.
- **Satsingsområda** i planen er som tidlegare ført opp med målformuleringar og tiltak, og følgjande satsingsområde er innarbeidd:
 - ✓ Byutvikling, senterstruktur og samferdsel
 - ✓ Miljø, estetikk og trivsel
 - ✓ Arbeid og næringsliv
 - ✓ Oppvekst
 - ✓ Rehabilitering, helse og omsorg
 - ✓ Arealdelen
- **Arealdelen** skal vera det overordna styrande dokumentet for all arealbruk i kommunen og visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealkartet med føresegner vert juridisk bindande, og det er difor relativt strenge formelle krav både til plandokument og planprosess. I planarbeidet er det lagt vekt på å definera framtidige utviklingsretningar og langsiktige, strategiske grenser for ulike utbyggingsføremål ("markagrenser") og unngå unødvendig arealspreiing. Kjerneområde for landbruk er vist som omsynssoner. Det same er viktige friluftsområde som t.d. Landåsen. Det er og lagt inn på kartet areal som omsynssone langs E39 for å sikra mot gjennbygging før det føreligg eigen kommunedelplan/reguleringsplanar for oppradering av E39. Det er gjennomført særskilt kartlegging av funksjonell strandsone som på Stord er lagt inn som omsynssone. I tillegg er det lagt inn byggegrense i byggeområde mot sjøen. På Huglo er funksjonell strandsone lagt inn som ny forbodsgrense til erstatning for 100- metersgrensa og dels som byggegrense i byggeområde. Arealdelen til kommunedelplanen for Huglo, som vart vedteken av kommunestyret 16.12. 2010, er elles innarbeidd i arealdelen men med oppdatering når det gjeld omsynssoner for vern av svært viktige naturtypar og viktige friluftsområde.

Rådmannen vil i tillegg peika på følgjande tilhøve under arealdelen:

➤ *Bustadbygging*

Dei nye bustadområda som er lagt inn i arealdelen, er lista opp i oversyn på side 66 i plandokumentet. Desse områda gjev 421 nye bustadeiningar. I tillegg er det opna for 8 område for spreidd utbygging med tilsaman 31 einingar, slik at det totalt vert 452 nye einingar. Samstundes er det innanfor gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar tilgang på om lag 1700 nye bustadeiningar som vert vidareført inn i revidert plan. Samla sett er det difor rom for 2121 bustadeiningar i revidert plan. Stipulert behov i 12-årsperioden er 1800 når det vert teke utgangspunkt i årleg behov på 150 einingar. Tilgangen ligg såleis 321 bustader over behovet i 12-årsperioden. I tillegg til dette vil det

framleis skje fortetting i eksisterande eldre bustadområde. Men ved vurdering av behovet må desse momenta vektleggjast:

- Det er eit politisk ønskje at det samstundes skal vera tilgang på bustadområde/ byggeområde i alle bydelar.
- Det er lagt vekt på å sjå den samla arealdisponeringa i eit langsiktig perspektiv med omsyn til utviklingskorridorar og strategiske langsiktige grenser, jamfør delmål 1 og delmål 2, slik at bustadbehovet må sjåast for ein tilsvarande lengre periode.
- Det knyter seg uvisse til korleis dei einskilde reguleringsplanane vil bli utforma.

Det har vore ei særleg utfordring å koma opp med nye bustadområde i Hystad – Rommetveitområdet. Her viser planforslaget no berre 112 nye bustadeiningar i tillegg til 36 bustadeiningar som ligg i gjeldande planar. Etter høyringsrunden og offentleg ettersyn er den nordre teigen av området B - 3 Rommetveit, B – 16 Tyse/ Vestlio, B – 16 Tyse/ Ørehaug, B – 12 Hystad, B – 25 Kvernaneset, deler av B – 28 Ådland og deler av B – 3 Frugarden teken ut av planen. Alle desse er i Hystad-/ Rommetveitområdet. Rådmannen ser det som viktig at neste revisjon av kommuneplanen må ha stort fokus på kvar nye bustader i denne delen av kommunen bør lokaliserast.

➤ *Næringsareal*

På side 68 er det vist ei oppstilling som viser tilgang på nye sentrale næringsareal på til saman rundt 300 mål. I tillegg eig kommunen eit regulert næringsareal ved flyplassen på om lag 200 mål. Her er det vanskeleg å ha ei nærare meining om behovet.

➤ *Turstiar, gang- og sykkelveggar m.m.*

I delmål 6 i arealdelen er det lagt vekt på at "Folk i alle aldrar skal sikrast lett tilgjenge til areal for leik og fysisk aktivitet ved at det vert sikra samanhengande grøntkorridorar med turstiar som fører fram til friareal og friluftsområde. Turstiane skal og sjåast i samanheng med gang- og sykkelvegnettet."

På denne bakgrunn har kommunen med finansiell støtte frå Hordaland fylkeskommune utarbeidd prosjektrapporten "Grøntstruktur, turveggar og samanhengande gang- og sykkelveggar" som ein del av revideringsarbeidet for kommuneplanen 2010-2021. Prosjektet er sett i gang på bakgrunn av vedtak / målsetjingar i kommuneplanen 2004-2015. Hovudmålsetjinga har vore betring av folkehelsa gjennom tilrettelegging for fysisk aktivitet ved å gje folk i alle aldrar lett tilgjenge til tur - og friluftsområde, og utvikla eit samanhengande gang – og sykkelvegnett frå bustadområde til skule, servicesentra, arbeidsplassar, turområde m.m. I arbeidet med denne rapporten har og andre perspektiv vorte trekt inn, og spesielt målsetjingar knytt til klima og miljø har vore vektlagt. Prosjektet har utført eit grunnleggjande og omfattande arbeid med kartlegging og vurdering av grøntstruktur, turveggar og gang - /sykkelveggar. Erfaring viser at det viktigaste einskildtiltaket for å få auka sykkelbruk, er å opparbeida eit samanhengande sykkelvegnett.

Hovudkonklusjonar, viktige trasear og strukturar er innarbeidd i arealkartet og vil gje vidare føringar for detaljplanlegging, gjennomføring og aktuelle rekkefølgekrav ved utbygging av nye bustadområde. Prioritering og gjennomføring vil det og verta teke stilling til gjennom arbeidet med revisjon av trafikksikringsplanen som no pågår.

- **Konsekvensutgreiingane** med hovudkonklusjonane for nye utbyggingsområde er ført opp i eige kapittel som startar på side 69. Ei meir uttømmende vurdering føreligg i vedlegget "Samanstilling av konsekvensutgreiingar for kommuneplanen sin arealdel" der det og er teke inn konklusjonar frå ROS-analysen som føreligg i eigen rapport. I tillegg føreligg delrapportar for dei ulike utbyggingsområda og "Tilleggsvurderingar av ulike mindre arealinnspel m.m." Denne delen av planarbeidet har vore omfattande og tidkrevjande.

Når det gjeld sjølve ROS-analysen, så er det innleiingsvis i rapporten gjort greie for metoden og kva kriterium som ligg til grunn og kan akseptast ved risikovurdering – såkalla akseptkriterium. Etter høyringsrunden påpeikte fylkesmannen at slik akseptkriterier låg føre så dekkja ikkje

sannsynsindelinga dei krava som ligg i byggteknisk forskrift. Dette er no retta opp. Rådmannen viser her til side 5 i rapporten der det heiter:

"3. METODE FOR RISIKOVURDERING

I norsk standard NS 5814 vert risiko definert slik:

"Uttrykker den fare som uønskede hendelser/tilstander representerer for mennesker, miljø eller materielle verdier. Risikoen uttrykkes som sannsynligheten for, og konsekvenser av, dei uønskede hendelsene".

3.1. Kriterium for sannsyn og konsekvens

Det er nytta dei same kriteria for inndeling av uønskete hendingar i sannsyn og konsekvens som i den overordna ROS-analysen for Stord kommune frå oktober 2008. Som utgangspunkt er nytta ei inndeling som er henta frå andre tilsvarande prosjekt, og deretter gjort ein del lokale tilpassingar.

Følgjande inndelingar for sannsyn vert nytta:

Begrep	Intervall
Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending pr. 1000 år
Mindre sannsynleg	Ei hending pr. 100 – 1000 år.
Sannsynleg	Ei hending pr. 10 – 100 år.
Mykje sannsynleg	Ei hending pr. 1 – 100 år.
Svært sannsynleg	Ei hending pr. år eller oftare.

Konsekvensane for liv og helse, miljø, økonomi og materielle verdier, drift, produksjon og tenesteyting, samfunnsviktige funksjonar og truverde/omdømme, er vurdert etter følgjande begrep:

- Ubetydeleg
- Ein viss fare
- Alvorleg/farleg
- Kritisk
- Katastrofal


Standard risikodiagram som er nytta i analysearbeidet

Risikodiagram (som gir et bilde av hvilken risiko de forskjellige uønskede hendelser/årsaker representerer)


Sannsyn	Konsekvens				
	Ubetydeleg	En viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg	Orange	Raudt	Raudt	Raudt	Raudt
Mykje sannsynleg	Gul	Gul	Raudt	Raudt	Raudt
Sannsynleg	Gul	Gul	Gul	Raudt	Raudt
Noko sannsynleg	Grøn	Gul	Gul	Raudt	Raudt
Lite sannsynleg	Grøn	Grøn	Gul	Raudt	Raudt

3.2. Akseptkriteria


Ved gjennomføring av ROS-analysen for nye utbyggingsområde er lagt til grunn følgjande akseptkriteria:



Tilhøve raude felt



Tilhøve gule felt



Tilhøve grønne felt

Hendingar i raudt felt medfører uakseptabel risiko. Her må risikoreduserande tiltak gjennomførast. Elles må det gjennomførast meir detaljert ROS-analysar for eventuelt å avkrefte risikonivået. For tiltak i raudt felt **skal** det utarbeidast ROS-analyse før tiltak kan godkjennast.

For hendingar som ligg i gul sone i gul sone må det gjennomførast tiltak for å redusera risikoen so mykje som råd er. Det kan vere naturleg også å leggja ein kost-nytteanalyse til grunn for vurdering av enda fleire risikoreduserande tiltak. I gul sone skal kommunen krevja ROS-analyse.

I utgangspunktet er hendingar i grøn sone akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogeleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar. Om det skal gjennomførast ROS-analysar i grønne område må vurderast i den einskilde regulerings- og/eller byggesak.

Dette betyr at som hovudregel er tilhøve/hendingar plassert i raudt felt noko som medfører uakseptabel risiko, og at det må gjennomførast risikoreduserande tiltak av førebyggjande og/eller skadebøtande karakter, slik at risikobiletet kjem ned på akseptabelt nivå.

3.3. Konsekvenskategoriar

KONSEKVENS	VEKT	MENNESKE	YTRE MILJØ (LUFT, JORD, VATN)	MATERIELLE VERDIAR
KATASTROFALT	5	Meir enn 5 døde, eller 25 alvorleg skada (KBP nivå 3)	Varig større skade på ytre miljø	Skadar for meir enn 50.000.000 kr
KRITISK	4	Inntil 5 døde, eller fare for inntil 25 alvorleg skadde personar. (KBP nivå 2)	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø	Skadar mellom 5.000.000-50.000.000 kr
ALVORLEG	3	Inntil 10 alvorlege personskadar, eller	Store skadar på ytre miljø, men som vil	Skadar mellom 500.000-

		mange mindre personskadar, men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag. (KBP nivå 2)	utbetrast på sikt.	5.000.000 kr
EIN VISS FARE	2	Mindre skader som treng medisinsk handsaming, evt. Kortare sjukefråver. (KBP iva 1)	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid.	Skader mellom 50.000-500.000 kr
UBETYDELEG	1	Ingen eller små personskader. (KBP nivå 1)	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø.	Skader for inntil 50.000 kr

KBP er krise- beredskapsplanen. Med basis i definisjonar av sannsyn og konsekvens og gjennomføring av fareidentifikasjon kan naudsynnte risikoanalysar gjennomførast.

Alle kommunedelplanar skal også ha med eige kapittel om samfunnstryggleik og beredskap, og det skal gjennomførast ROS-analysar for alle kritiske område.”

Rådmannen viser elles til konsekvensanalysen når det gjeld nærare omtale av dei ulike utbyggingsområda.

- **Arealinnspel** frå private er ført opp i eige vedlegg til saka med kommentar om resultatet av handsaminga. Rådmannen vil i denne samanheng berre nemna innspel nr 3.46 om naust i tilknytning til tidlegare kommunal kai i Eldøy, og innspel nr.3.47 om at næringsområdet ved Gruvene får endra status til rekreasjons-, museums- og kulturminneføremål. Rådmannen stiller seg i prinsippet positiv til desse innspela. Men det er naturleg at desse sakene vert vurdert endeleg i samband med revidering av dei aktuelle reguleringsplanane.
- **Føresegner** gjev saman med arealdelen bindande juridiske føringar for all arealdisponering og utbygging. Det er no lagt inn eit eige kapittel som gjev heimel for å inngå utbyggingsavtale mellom utbyggjar og kommune. I vedlegg 1B er lista opp kor mange bustadeiningar som kan byggjast i LNF-område med føresegnar om spreidd utbygging. Likeeins er det i vedlegg 1C lista opp eksisterande bygde bustadeigedommar, hytteeigedomar og nausteigedomar i LNF-områda med status som LNF-spreidd, der det kan tillatast påbygg og ulike mindre byggearbeid på nærare vilkår utan krav om reguleringsplan eller dispensasjon. Tanken er her at ein med dette skal forenkla saksbehandlinga for byggesaker tilknytta desse eigedomane.

Etter høringsrunden er det gjort nokre endringar og tillegg i føresegnene for å imøtekoma motsegner frå fylkeskommunen (nye §§ 1.3 – 1.9) og nokre redigeringar etter råd frå fylkesmannen. Dessutan er § 3.4 endra til at maks gesimshøgde og maks mønehøgde for fritidsbustader utan dispensasjon eller krav om reguleringsplan er auka til 3,5 m og 6,0 m.

- **Organisering, medverknad og framdrift** er det gjort nærare greie for i eige kapittel, side 105. Høringsfristen var ute 01.06.11 slik den reviderte framdriftsplanen la til grunn. Men motsegnene frå fylkesmannen og fylkeskommunen har gjort at den vidare prosessen har teke lengre tid enn føresett.

Innkome uttalar og merknader etter høring og offentleg ettersyn

Planforslaget vart sendt på høring og låg ute til offentleg ettersyn i tida 01.04. – 01.06. 2011. Det kom inn 53 uttalar og merknader som er oppsummert og kommentert under.

1. **Fylkesmannen i Hordaland, brev av 30.05.2011**, fremjar **motsegn** til deler av byggeområda B2 – Rommetveit, B3-2 og B3-3 Frugarden, B17 Tyse, B/T/N – Heiane sør og deler av B28 – Ådland. Til alle områda bortsett frå Heiane sør er motsegnene fremja av omsyn til jordvern og kulturlandskap. Når det gjeld Heiane sør, så fremjar fylkesmannen motsegn på grunn av at han meiner den samla konsekvensen for planlegde utbyggingsområde er negativ for naturmangfald, landskap, friluftsliv og miljø. Dei peikar på at spesielt den vestlege delen av

området samla sett har stor verdi som samanhengande viltområde. Dei meiner heile området må reduserast vesentleg i storleik, og at det spesielt er området i den vestre delen dei er kritiske til.

Fylkesmannen fremjar og **motsegn** til at sannsynsindelinga i ROS-analysen ikkje er i samsvar med krava som ligg i Teknisk forskrift. Dei viser til at 1000-års skredet og 200-års flaumen er dimensjonerande for bustadhus og at kommunen ikkje kan operera med mildare krav enn det.

Når det gjeld eksisterande bygde eigedomar som i planforslaget til kommunen no vert foreslått som LNF- spreidd område, så peikar Fylkesmannen på at det er vanskeleg for høyringsinstansane å skaffa seg oversikt over dei aktuelle eigedomane når dei ikkje er markert på plankartet. Som eit minstekrav krev Fylkesmannen at aktuelle nausteigedomar i LNF-speidd områda vert markert på kartet og knyter **motsegn** til det punktet.

Fylkesmannen har elles merknader til innhald og lovheimel til nokre av føresegnene.

Kommentar:

Kommunen har hatt møte med fylkesmannen og gått nærare gjennom motsegnene. Etter dette har rådmannen foreslått å ta ut den nordre teigen av B2 – Rommetveit, B3-2 og B3-3 Frugarden, B17 Tyse og den nordlegaste teigen av B28 – Ådland. Fylkesmannen understreka at dersom kommunen opprettheld desse områda, ville dei oppretthalda desse motsegnene og planen måtte avgjerdast av miljøverndepartementet.

Når det gjeld området B/T/N 11 Heiane sør, så har fylkesmannen trekt motsegna her. Men planen viser no meir i detalj korleis området for næring, bustad og tenesteyting er tenkt disponert og viktige grøntkorridorar er lagt inn med omsynssoner slik fylkesmannen sette som vilkår for å trekkja motsegna.

Dei opplista nausteigedomane er no viste på plankartet slik fylkesmannen har kravd. Vidare er føresegnene er retta opp og sannsynsindelinga under samfunnstryggleik og beredskap justert i samsvar med fylkesmannen sine merknader.

Fylkesmannen har på bakgrunn av dette trekt alle motsegnene.

2. Hordaland fylkeskommune, brev av 22.06.2011, fremjar motsegn til følgjande punkt:

- Byggeområda B2 – Rommetveit, B3 Frugarden, N19 Kyvik og B12 – Hystad på grunn av konflikt med nyare tids kulturminne, automatisk freda kulturminne og stort potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne.
- Arealføremålet på Kattatveit som ligg under omsynssone H_730_83 må endrast frå Tenesteyting til framtidig LNF
- Mellomalderkyrkjegarden ved Stord kyrkje må merkast med omsynssone H_730. Motsegna fell bort dersom det vert merka rett på plankartet og vert teke med i føresegnene slik dei foreslår.
- At dei generelle føresegnene ikkje tek nok omsyn til verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, eller potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Motsegna fell bort dersom det vert innarbeidd tillegg i føresegne slik dei foreslår.
- At føresegnene for LNF-spreidd områda ikkje tek nok omsyn til verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, eller potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Her og fell motsegna bort dersom det vert innarbeidd tillegg i føresegnene slik dei foreslår. M.a. at kvart einskild byggesak innanfor LNF- spreidd skal sendast kulturvernmynde for avklaring i høve til Kulturminnelova, eller at det alternativt vert stilt krav om utbyggingsplan.
- At føresegnene for naust med tilhøyrande kaiar, landgangar og flytebrygger, saman med at desse ikkje er viste på plankartet, ikkje er i samsvar med § 1-8 i Plan- og bygningslova.

Fylkeskommunen meiner elles at:

- Rammeplan for avkjørslar for riks- og fylkesveggar i Region Vest skal leggjast til grunn for søknader om avkjørsle og byggegrenser og at dette må inn i føresegnene
- Kommunen skal vurdere vegnettet med føremål å fastsetja byggegrense mot veg

- Det må innførast utbyggingsrekkefølge for bustadområdet B25 – Kvernaneset som slår fast at det ikkje må opnast for utbygging her før ein vesentleg del av fortettingspotensialet i Leirvik er utnytta
- Bustadområdet B5 – Vikanes ikkje bør byggjast ut av landskapsomsyn
- Byggegrensene i planen må vera definert i føresegnene
- Området SB8 – småbåthamn ved Skjersholmane ikkje bør byggjast ut på bakgrunn av vurderinga i konsekvensutgreiinga

Kommentar:

Kommunen har hatt møte med fylkeskommunen og gått nærare gjennom motsegnene. Etter dette har rådmannen foreslått å ta ut nordre teigen av B-2 Rommetveit og B3-2 og B3-3 Frugarden og det er lagt omsynssone kulturminne over området N 19 – Kyvik. Arealføremålet på Kattatveit er endra og det er lagt omsynssone over middelalderkyrkjegarden slik fylkeskommunen krev. Det er og teke inn tillegg i dei generelle føresegnene i samråd med fylkeskommunen for å ivareta omsyna til verneverdige kulturminne eller kulturmiljø og potensiale for hittil ukjende automatisk freda kulturminne (nye §§ 1.3 – 1.9).

Når det gjeld området B – 12 Hystad, så vil heile eller deler av området verta teke ut av planen. Kommunen har nyleg hatt synfaring saman representantar frå kulturmynde hos fylkesmannen for å få vurdert om deler av området kan frigjevast til utbygging. Det ligg endå ikkje føre avklaring i høve til dette, men det er føresett at dette er avklart før kommunestyret skal vedta planen og dersom deler av området kan frigjevast så vil dette verta lagt inn i planen.

Elles er det teke inn ei ny føresegn som slår fast at rammeplanen for avkjørslar skal leggjast til grunn for søknader.

- 3. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, brev av 20.05.2011,** peikar på at kommuneplanen for Stord omfattar fleire prioriterte område for marinarkeologi som gjer at dei generelt vurderer potensialet for automatisk freda kulturminne i sjøen som større her enn i andre område. Dei skriv at det er fordi det m.a. går fleire historiske skipsleier gjennom planområdet, at det er fleire stader som vart brukt som hamner i samband med tømmerlast og sagbruk og at det finst fleire gamle handels- og gjestgjevarstader i området. Dei viser til kart som syner dei kulturminna under vatn som dei per dags dato er kjent med. Dei oppmodar om at det vert teke med eit tillegg i føresegnene som slår fast at planar, utgreiingar og enkelttiltak som omfattar sjøareal så tidleg som mogeleg vert lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale.

Dei nemner no særskilt at det vil verta stilt krav om undersøking ved regulering av småbåthamn ved Skjersholmane og Valvatnavågen.

Kommentar:

Det er teke med eit tillegg i føresegnene som slår fast at ved all planlegging og områdedisponeringar som omfattar sjøareal skal desse så tidleg som mogleg verta lagt fram for Bergen Sjøfartsmuseum for uttale (ny § 1.8)

- 4. Statens vegvesen, brev av 30.05.2011,** nemner innleiingsvis at dei har sektoransvar for trafikktryggleik for alle trafikantgrupper, kollektivtransport, heilskapsløysingar i byar, samordna areal- og transportplanlegging, universell utforming, eit miljøvenleg perspektiv i val av løysingar og tilrettelegging for gåande og syklende.
- Universell utforming meiner dei er godt teke i vare og reknar med vert lagt til grunn i all planlegging og nyanlegg av alle slag
 - Dei har utarbeidd støysonekart som dei rår til kan vera eit temakart som tillegg til kommuneplanen, og peikar på at det ikkje skal leggjast nye bustadområde i raud son og at bustader i gul sone må vurderast for støyttiltak

- gang-/ sykkelveggar meiner dei må prioriterast for å få på plass samanhangande nett i dei tettast befolka områda i aksen mellom Sagvåg/ Trekantsambandet/ Heiane/ Leirvik/ Nordbygda/ Rommetveit, og dei meiner plankartet bør visa eit samanhangande nett heilt til Fitjar grense både på aust- og vestsida m.a. for å få sterkare politisk og juridisk forankring når midlane skal fordelast
- dei peikar på utfordringane knytt til E39/ stamvegen gjennom kommunen og viser til dei arbeida som er i gang
- dei peikar på Leirvik sentrum og arbeid og planar knytt til miljøgate, miljøbyprinsipp, kollektivknutepunkt m.m.
- dei viser til pågåande utgreiing for mogeleg ferjeleie ved Djupavik som dei skriv skal vera ferdig i sommar
- Småbåthamna ved Skjersholmane har dei ingen store innvendingar mot, men peikar på at det må visast varsemd i høve til ferjetrafikken i området
- Når det gjeld nye utbyggingsområde, peikar dei på at generelt må desse sikrast gode og trafikksikre tilkomstlar i tråd med vegnormalane og rammeplan for avkjørslar. Dei skriv at det ikkje kan påreknast nye avkjørslar ut på E39 og at det og er svært strent å få utvida bruk av avkjørslar som går ut til europavegen. Dei ønskjer ikkje ny spreidd busetnad med avkjørsle til E39. Dei nemner spesielt B25 – Kvernaneset, B12 - Hystad, Almås, Tyse, Lønningsåsen der det m.a. kan verta sett rekkefølgjekrav. Heiane sør meiner dei er godt utgreidd og at eit godt trafikksystem her er svært viktig. Når det gjeld Lønningsåsen, så peikar dei på at dette ligg i det bandlagde området for oppgradering av E39, og at dei reknar med at det ikkje vert gjeve løyve til oppstart av reguleringsarbeid før det ligg føre ei avklaring i høve planane for europavegen.
- Dei minner og om at det er ei generell byggegrense langs veg på 50m og at den vil vera streng lengs ein så trafikkert stamveg.

Kommentar:

Støysonene langs E 39 og fylkesvegane er no lagt inn på plankartet slik vegvesenet sine støysonkart viser.

Plankartet viser no planlagd gang-/ sykkelveg langs fylkesvegen på austsida heilt fram til kommunegrensa med Fitjar. Rådmannen føreset at det vert teke nærare stilling til prioritering og gjennomføring av planlagde gang-/ sykkelveggar i samband med revidering av trafikksikringsplanen og rulleringane av Nasjonal Transportplan.

Rådmannen meiner elles vegvesenet peikar på mange viktige moment som må liggja til grunn for vidare planarbeid og utvikling av kommunen . Rådmannen føreset elles at vegvesenet prioriterer vidare planarbeid for E 39 mellom Heiane og Vestlivegen og gjennom Leirvik sentrum.

5. Kystverket, brev av 01.06.2011, seier seg nøgde med at merknadane dei hadde til oppstartsmeldinga er teke omsyn til og skriv at dei såleis ikkje har merknader.

6. Forsvarsbygg, brev av 15.04.2011, har ingen merknader.

7. Fitjar kommune, brev av 31.05.2011, har merknader knytt til arealbruk og miljø, vegtilhøve og framtidig planlegging av Dåfjordenområdet. Dei peikar på at Dåfjorden er eit lukka basseng med lite vassutskifting og at det er viktig at det vert så få utslepp som mogeleg mot det indre bassenget, at nyare bustader og hytter i Fitjar difor i hovudsak er planlagt med utslepp mot vest og at bustadområdet kring Petterteig og evt. nye hytter i Stord må vurderast ut frå det. Vidare peikar dei på at Fv 72 ikkje er bygd for den trafikken som er i dag og langt mindre for eit framtidig behov. Dei ber om at Stord kommune ikkje opnar for ytterlegare hyttebygging som belastar vegen før den er utbetra. Dei peikar på at før neste rullering av kommuneplanen i begge kommunane bør det lagast ein felles delplan for Selevik – Dåfjordenområdet, og at i mellomtida må begge kommunane arbeida mot vegstyresmaktene for ei mogeleg utbetring av fylkesvegen.

Kommentar:

Rådmannen er samd i dei problemstillingane som vert reist og at det er viktig å unngå nye utslepp til Dåfjorden og å ha fokus på vegstandard, møteplassar og parkering. Men rådmannen kan vanskeleg rå til at evt. søknader om bygging av fritidsbustader på alt godkjente og frådelt tomter vert avslått eller at det vert lagt ned byggje og deleforbod. Rådmannen vil her peika på at det likevel berre vert gjeve løyve til biologiske klosett i samsvar med krava i forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg og at det må visast korleis parkering skal løysast når det vert gjeve løyve til bygging av nye fritidsbustader. Rådmannen er positiv til å få utarbeidd ein felles delplan for området slik Fitjar peikar for å få eit godt grunnlag for dei tiltaka på særleg avløps- og trafikksida som må gjennomførast.

- 8. Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor**, kommenterer det som står om folkehelse og har forslag til at å ha eit tverrfagleg samarbeid for å utvikla gode Inn på tunet tilbod og styrkja kommunen som kjøpar av slike tilbod må inn som tiltak under delmål 2 i kapittelet for folkehelse.

Dei har nokre kommentarar til føresegnene som omhandlar verneområde og stiller spørsmål ved kvifor ikkje best oppdatert informasjon om svært viktige naturtypar er brukt. Dei peikar på at 12 av 29 A-lokalitetar i naturbasen ikkje er teke med som omsynssone i planen.

Når det gjeld byggeområdet Heiane sør, så peikar dei på at berggrunnen i Heianeområdet inneheld store mengder tungmetall og at dersom det skal tillatast utbygging må det stillast strenge krav om undersøking og avbøtande tiltak m.a. for å hindra forureining av Grindevikbekken som er sjøauførande og som er meldt inn til Fylkesmannen som ein av to viktige sjøarebeker i Stord. Dei peikar elles på at området er viktig viltområde/hjortetrekkområde, at området er registret som yngleområde for spettfugl, at det er registret raudlista rovfuglartar slik som hønehawk og registrert fleire førekomstar av raudlista og trua lavartar innanfor byggeområdet. Før ei evt. utbygging meiner dei desse verdiane bør kartleggjast nærare.

Når det gjeld Horneland jorddeponi, så peikar dei på at ved deponering av massar frå Heiane sør så må ein sørgja for at all avrenning vert samla opp og utslepp kontrollert slik at ein unngår lokal ureining av jord og vatn.

Foreslåtte tiltak i området i Petarteig meiner dei ikkje må setjast i verk før konsekvensane for mudring og evt. utslepp er tilstrekkeleg belyst. Dei peikar på at Nordre Dåfjorden er definert som sårbar sjøresipient, at det bør gjennomførast ei ny vurdering av resipienten og at det må takast sterke omsyn til resultatet frå den ved evt. utslepp av sanitært avløpsvatn.

Kommentar:

Alle A-lokalitetane er no viste med omsynssone.

Motsegna som fylkesmannen hadde til Heiane Sør er trekt og området vert vist som framtidig byggeområde i kommuneplanen. Men dei momenta som SFLMK peikar på vil vera viktige premissar ved utarbeiding av reguleringsplanar og byggeplanar og ved opparbeiding.

For Horneland deponi og tiltak i Petarteig må det utarbeidast reguleringsplan før området kan takast i bruk som m.a. må gje nødvendige føringar i høve til dei momenta som SFLMK peikar på.

- 9. Stord vatn og avløp KF, epost av 31.05.2011**, peikar på manglande utbygd eller manglande kapasitet når det gjeld vatn, avløp og overvassnett i fleire av dei foreslåtte byggeområda.

Kommentar:

Heiane Sør, utviding av Heiane Vest, B – 10/14 Tyse, B – 28 Ådland m.fl. er nye område som ikkje har vore utlagt til byggeområde tidlegare og som ikkje har vore med i kommunen sine

planar for vidare utbygging av vatn, avløp og overvassnett. Utbygging av områda vil skje i privat regi og rådmannen føreset at kostnadane med nyanlegg og nødvendig oppgradering av eksisterande leidningsnett vert dekkja av dei private utbyggjarane.

- 10. Sosial og førebyggjande teneste, epost av 09.05.2011,** peikar på at det er lagt til grunn at det vil verta færre born i skulen frå 2014, men at det dei opplever no er at det vert født fleire born og ser at trenden held fram. Dei peikar på at dette truleg var årsaka til at ein bomma på tal barnehageplassar for 2011 og spør om ein ikkje bør sjå på dette med folketalsutviklinga ein gong til.

Kommentar:

Rådmannen viser til at pågåande arbeid med skulebruksplanen må sjå nærare på dette.

- 11. Sosial og førebyggjande teneste, epost av 01.06.2011,** foreslår nokre tillegg under delmål 1, 5 og 8 under rehabilitering, helse og omsorg.

Kommentar:

Tilleggspunkta vert teke inn i tekstdelen slik det er foreslått.

- 12. Prosjektgruppa for bustadsosial handlingsplan, epost av 22.06.2011,** har forslag til tilleggstekst under kapittelet om byutvikling, senterstruktur og samferdsel. Dei peikar på at bustadpolitikk er ein viktig del av ein byutviklingsplan.

Kommentar:

Foreslått tilleggsteksten vert teke inn i tekstdelen side 25.

- 13. Utviklingsgruppa v/ Sylve Rusten, epost av 01.06.2011,** har forslag til tilleggstekst og nokre spørsmål til nokre av sidene i plandokumentet.

Nye båtplassar meiner han bør lokaliseras til alt eksisterande hamner og meiner ei båthamn ved Skjersholmane vil forringa friområdet og badeplassen i Alnavågen og ta vekk ein god fiskeplass. Han skriv at friluftssinteressene går mot dette forslaget.

Når det gjeld Tyse – Vestliområdet, så meiner han at å nytta areal på sørsida av vegen til utbygging vil verta å punktera ei lunge for idrett og skule, at ein får ei uheldig samanblanding av interesser i området og at det vert lite rom for utviding av idrett- og skuleanlegg. Han skriv at idrett- og friluftssinteressene går mot dette forslaget.

Kommentar:

Rådmannen rår til å oppretthalda den viste båthamna ved Skjersholmane. Rådmannen legg til grunn at Skjersholmane alt er utbygd med ferjekai, molo, høgspentanlegg og parkering, og at området har god lokalisering og tilkomst i høve til eksisterande og planlagd bustadområde. Rådmannen meiner at ei båthamn her vil vera godt skjerma frå friområdet og badeplassen i Alnavågen og at området framleis vil kunna nyttast til fritidsfiske og ulike fritidsaktivitetar.

Området B – 16 Tyse/ Vestlio er etter høyringsrunden foreslått teke ut av planen. Området er i gjeldande reguleringsplan regulert til friområde og rådmannen meiner dette må oppretthaldast.

Sykkel og elbil vert teke med som tillegg i tekstdelen på side 22 og 28 slik det vert foreslått.

I opplistinga av friluftsområde på side 69 er Landåsen endra frå kategori B til kategori A.

- 14. Eining trafikk og beredskap, epost av 31.05.2011,** skriv at kommunen har eit særskilt ansvar når det gjeld å ivareta innbyggjarane sine behov med omsyn til dyrking av friluftsliv som

slukfiske frå land, dyking, bading etc, og at det konkrete området på Skjersholmane som eigedomsutviklarar no vil nytta til båthamn er eit idyllisk, naturskjønt og populært område som vert mykje nytta av ålmenta til desse føremåla. Dei rår i frå at området vert avsett til båthamn.

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentaren over.

15. Rådet for funksjonshemma, møte 12.04.2011, har gjeve slik uttale:

“Dersom ikkje topografiske tilhøve er til hinder skal minst 50% av alle bustader/ husvære byggjast som tilgjengeleg bueining. For å få tilgjengeleg bueining skal universell utforming etter TEK10 leggjast til grunn. Der bustad/ husvære er under 50 m² skal kravet om tilgjenge vurderast meir romsleg.”

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentaren til merknad 16.

16. Ressursgruppa for universell utforming, epost av 10.06.2011, meiner at omgrepet universell utforming bør vera meir gjennomgåande i heile kommuneplanen enn det er og at universell utforming skal liggja i botn for alt planarbeid heilt frå oppstarten. Dei peikar på at det er viktig å skilja mellom tilgjengeleg bueining og universell utforming og at ein for private bustader må bruka tilgjengeleg bueining. Dei foreslår difor at § 1.45 i føresegnene får slik ordlyd: “Alle nye bustader skal vera tilgjengelge ved at alle hovudfunksjonar ligg på inngangsplanet og følgjer krava i Byggteknisk forskrift 2010 til tilgjengeleg bueining. Tilkomst skal vera trinnfri og vidare følgja Byggteknisk forskrift 2010 § 8.6”

Vidare har dei forslag til tilleggstekst fleire plasser i plandokumentet.

Kommentar:

Rådmannen vil ikkje rå til at det vert sett strengare krav til kor mange bueiningar som skal oppfylle krava til tilgjengeleg bueining eller universell utforming enn det som no ligg i Teknisk Forskrift (TEK 10), bortsett frå at rådmannen rår til å oppretthalda kravet i føresegna § 1.52 om at i alle nye bustadprosjekt med meir enn 4 bueiningar så skal minimum 2/3 av bueiningane oppfylle krava til tilgjengeleg bueining. Rådmannen vil likevel endra formuleringa her til å slå fast at det gjeld nye område for konsentrert utbygging og at universell utforming vert endra til tilgjengeleg bueining.

TEK 10 slår fast at alle bueiningar i bygningar med krav om heis og bueiningar med alle hovudfunksjonane på inngangsplanet skal oppfylle krava om tilgjengeleg bueining. TEK 10 slår vidare fast at uansett så skal gangtilkomst til alle bygningar med bueining vera trinnfri og ha inngangspartiet som skal vera godt synleg, sentralt plassert og oversiktleg i høve til atkomst. Vidare slår forskrifta fast at inngangsdør skal ha fri breidde på minimum 0,9 m og at minst eit bad og toalett skal ha fri golv plass med snusirkel med diameter 1,5 m framfor toalettet. TEK 10 slår fast at alle byggverk for publikum og arbeidsbygning skal vera universelt utforma slik det er fastsett i forskrifta.

Forskrifta set vidare strenge krav til universell utforming av uteareal, uteopphaldsareal og gangadkomst til byggverk og uteopphaldsareal.

Rådmannen er samd i og meiner det er viktig at alt planarbeid frå starten av må ha fokus på å finna løysingar som sikrar at krava til universell utforming og tilgjengeleg bueining kan oppnåast. Rådmannen vil her peika på at føresegna § 1.51 set krav om at bygningar, anlegg og uteområde skal utformast slik at dei kan brukast på like vilkår av så stor del av innbyggjarane som mogeleg, og at reguleringsplanar og byggesøknader skal dokumentera korleis dette kan oppfyllest.

Tilleggstekst er lagt inn i tekstdelen slik det er foreslått.

17. Mental Helse Stord, brev av 31.05.2011, meiner at brukarmedverknad, samhandlig, langsiktig perspektiv, rette haldningar og fagleg kompromissløyse er prinsipp som må gjelda for planlegging og gjennomføring av psykisk helsearbeid i kommunen. Dei peikar på at kommunen ikkje har gjeldane plan for psykisk helse og hevdar at tidlegare planar har vore bortimot ubrukelege og at det ikkje kan halda fram slik.

Kommentar:

Rådmannen tek dette til etterretning og vil ta innspelet med i vidare planarbeid.

18. Stord Næringsråd, brev av 25.05.2011, viser til at dei har hatt kommuneplanen til høyring og kommentert denne tidlegare og at dei no berre har innspel som omhandlar endringane som Formannskapet vedtok i møte 16.03.2011.

Dei meiner innarbeiding av båthamn ved Skjersholmane vil vera positivt og viktig bidrag til at Stord vert meir attraktiv som bukommune.

Dei meiner det ikkje er nokon god grunn for at dei lokale retningslinene for universell utforming av bueiningar skal vera strengare enn dei som ligg i Plan- og bygningslova, og at retningsliner utover PBL vil gjera husbygging i kommunen unødvendig mykje dyrare enn i andre kommunar. Dei oppfordrar difor til å ikkje vedta endringane i § 1.45 som er sendt på høyring.

Kommentar:

Rådmannen tek dette til etterretning. Når det gjeld universell utforming, vert det vist til kommentaren til merknad 16.

19. Business Region Bergen, brev av 01.06.2011, meiner planen tek for seg det kommunen skal fanga opp gjennom eit slikt planarbeid og at næringsinteressene er godt tekne i vare spesielt om ein legg eit lokalt perspektiv til grunn. Dei peikar likevel på at arbeids- og næringslivsdelen i planen i større grad kan synleggjera aktuelle koblingar til felles Strategisk Næringsplan for Bergensregionen (SNP) som kommunen gjennom sitt eigarskap i Business Region Bergen har vedteke. Dei viser til kommunen sitt vedtak knytt til SNP og har elles nokre merknader og forslag til korleis dette kan gjerast.

Kommentar:

Rådmannen tek dette til etterretning og vil ta innspelet om betre kobling mot Strategisk Næringsplan For Bergensregionen med i vidare planarbeid og i første omgang i arbeidet med planstrategien.

20. Hordaland Bondelag, brev av 25.05.2011, meiner det er lagt opp til for mykje omdisponering og nedbygging av landbruksjord, også innafor området som kommunen sjølv har definert som kjerneområde landbruk. Dei viser til at regjeringa si målsetjing om å halvera årleg omdisponering av dyrka mark innan 2010 ikkje er nådd og at landbruks- og matministeren har uttalt at kommunane må ta dette ansvaret med i planlegginga si. Dei viser til at bøndene treng langsiktige planar for å kunna investera i og driva garden og for å ta vare på jorda for komande generasjonar.

Dei peikar på at det i Nordbygdo er lagt opp til stort press på landbruksareal, også innanfor kjerneområde, at på Kvernaneset er det foreslått byggeområde i skog med høg bonitet og på Hystad er det foreslått nedbygging av leigejord som mange bønder er avhengige av for å halda garden sin i drift. Dei reagerer på argumentet i konsekvensutgreiinga om Kvernaneset om at "i ein større samanheng er likevel omdisponering av mindre omfang og på eit avgrensa areal med mindre verdi for skogsdrift i Stord kommune" og meiner dette ikkje er godt nok.

Kommentar:

Kvernaneset er foreslått teke ut av planen. Fleire mindre bustadområde i Rommetveit-/Hystadområdet er og tekne ut av planen etter at fylkesmannen hadde motsegner til desse av jordvernomsyn. Omdisponering av hestesportsanlegget på Tyse til bustad og næring er oppretthalde sjølv om området er definert som del av kjerneområdet for landbruk i dette området. Fylkesmannen har ikkje hatt merknader til dette området.

Når det gjeld det foreslåtte bustadområdet på Hystad, B – 12, så er ikkje dette området definert som kjerneområde for landbruk. Fylkesmannen har ikkje merknader til dette området vert omdisponert til bustad. Fylkeskommunen har motsegn til dette området av kulturminneomsyn.

21. Stord Bondelag, brev av 21.05.2011, viser til at det ikkje er lenge sidan Stord og Fitjar kommunar laga ein landbruksplan der eit av føremåla var å gje tydelege signal om kva som er viktige areal og ressursar for landbruket. I forslaget til kommuneplan ser dei at det er skissert andre grenser for kjerneområde for landbruk enn det dei har fått presentert i landbruksplanen. Dei peikar på at for å kunna investera i jord og bygningar er det viktig med langsiktige og truverdige planar. Dei meiner ulike og skiftande ønskje frå grunneigarar, også der kommunen er grunneigar, ikkje må få styra arealbruken og påføra grannane og framtidige generasjonar uoppretteleg skade.

Dei peikar på at det er lagt opp til utbreidd utbygging i kjerneområde for landbruk, medan det er mykje ledig areal i Sagvågsområdet, og at dette viser at det ikkje er teke omsyn til landbruksplanen. Dei peikar og på at mange er avhengige av leigejord og at dersom tilgangen til leigejord forsvinn, vil mykje av grunnlaget for drifta forsvinna. Dei meiner det er særst viktig med ei god politisk styring som vernar den dyrka jorda.

Kommentar:

Når det gjeld kartlegginga av kjerneområde for landbruk, så er desse lagt inn slik dei er definerte og kartfesta av Landbruksavdelinga hos fylkesmannen i samarbeid med Stord Fitjar Landbruks og Miljøkontor. Føresegnene slår fast at desse omsynssonene skal leggjast til grunn ved kommunen si langsiktige arealdisponering. Rådmannen viser elles til side 57 i tekstdelen som omtalar dette nærare.

Det vert elles vist til kommentaren til merknad 20.

22. Sagvåg Forum, brev av 30.05.2011, meiner at:

- gruvene på Litlabø, verven på Jensaneset og vervadagane må få plass i planen
- Sagvåg hamn må nemnast og prioriterast,
- sjukeheim i Sagvågsområdet må løftast fram
- under turveggar så bør turveg frå Dybvik til Hustredalen, forbi inngangen til Dyvikesåta og Rutle nemnast
- gang og sykkelsti Isdal – Stuva – Litlabøkrysset er viktig å få med og oppgraderast til prioritet 1 fordi Litlabø er einaste lokalsenteret som ikkje har fortau eller sykkelsti til Leirvik
- det er trong for plan og at arbeid må gjerast mot ureining i Sagvåg indre kai og på Litlabø.

Kommentar:

Planlagt gang-/ sykkelsti Isdal – Stuva - Litlabøkrysset er vist i plankartet. Prioritering vert det teke stilling til i samband med revidering av trafikksikringsplanen. Tursti langs sørsida av Rutle mot Hustredalen er no lagt inn på plankartet. Delmål under samferdsel seier at det skal utviklast tilbud knytt til hamnene utan at dei enkelte hamnene er nemnt spesifikt. Når det gjeld gruvene på Litlabø, så er det dei det er tenkt på når det under delmål trivsel under satsingsområdet miljø, estetikk og trivsel står at ein skal stø arbeidet med å gjera gruveområdet til ein attraktiv kulturarena for fastbuande og tilreisande. Verven på Jensaneset kan og takast med her. Når det gjeld spørsmål om sjukeheim Sagvåg, så viser rådmannen til at dette vil verta del av arbeidet

med plan for rehabilitering, helse og omsorg som no vert starta opp. Rådmannen er elles samd i at det må vera fokus på tiltak for å betra ureiningstilhøva i hamnebassenget i Sagvåg og på Litlabø. Rådmannen vil her nemna at avløpssaneringa som no er i gang på Jensanessida vil betra tilhøva i hamnebassenget.

23. Aker Stord AS, brev av 31.05.2011, ber om at det vert sett så strenge krav til bustadbygging i nærleiken av Digernessundet og Tømmervikterminalen at det ikkje kan oppstå konflikt mellom næring og bustad. Dei viser til at dei har samla informasjon som viser kva støykjelder dei kan ha i området, avstand frå land til støykjelda, når på døgnet desse støykjeldene er i bruk og høgda over havet der desse støykjeldene er. Denne informasjonen er nytta ved støyutrekningar og utarbeiding av støysonekart som utbyggjarane i området har gjennomført. Aker Stord er positive til at det vert lagt til rette for bustadbygging, men stiller spørsmål ved om det er rett å utvida Heiane Sør så langt ned mot Digernessundet/ Tømmervik at det er fare for konflikt når bustadpotensialet i kommuneplanen er så stort som det er.

Dei støttar bekymringa for dekninga av næringsareal og då særleg sjønære areal knytt til djupvassområde. Dei er opptekne av at sysselsettinga i offshoreindustrien kan oppretthaldast og at Stord framleis skal vera lokomotiv innanfor denne næringa i Sunnhordland. Dei peikar på at det då er svært viktig med tilgang til areal utan at det vert lagt opp til mogleg konflikt med bustadområde.

Kommentar:

Foreslått bustadområde i Heiane Sør ligg no ca 150 – 200 m frå foreslått utvida industriområde i Tømmervik. Bustadområdet vil og liggja ca. 20 m høgare i terrenget enn industriområdet. Støyutrekningane som ligg føre konkluderer med at industriområdet kan utvidast vidare bakover utan at det vil medføra store konflikter i høve til tilgrensande planlagt bustadområde. Rådmannen meiner bustadområdet no har funne sin endelege avgrensing mot sør, men at ei vidare utviding av industriområdet kan vurderast ved seinare revisjon av planen.

24. Stord Lufthamn AS, brev av 20.05.2011, peikar på at det er merka av område for akvakultur nord for rullebanen og at eit evt. oppdrettsanlegg vil liggja i innflygingsbanen frå nord. Dei skriv at det ikkje må installerast lys som ved innflyging kan oppfattast som villeiande. Dei skriv og at det frå sommaren 2011 vert plassert redningsbåt i Prestkonevikjo og at eit evt. oppdrettsanlegg inklusive fortøyning ikkje må plasserast slik at det kan vera til hinder for utrykning og redningsarbeid. Nytt støysonekart for lufthamna skal utarbeidast i 2012.

Kommentar:

Området for akvakultur nord for rullebanen er teke ut av planen.

25. Kåreviksmarkjo, Opepestølen, Hjortåsen, Vågavegen, Valvatnafeltet og Sæbøhaugen Velforeiningar, brev av 28.05.2011, skriv at dei støttar heilhjerta hamneplanane som Heiane Sør As har lansert til kommunen. Dei kan ikkje sjå at ei båthamn sør for moloen på Skjersholmane vil verta eit urimeleg inngrep i naturen, dei meiner tvert om at båthamna vil falla godt inn i miljøet og at badeaktiviteten deira i Alnavågen ikkje vert berørt.

Kommentar:

Rådmannen tek dette til etterretning og viser elles til kommentaren til merknad 13.

26. Vågavegen Vel, brev av 29.05.2011, er bekymra for kva ei evt. utbygging av nærings-/ industriområde i Tømmervikområdet vil føra til for bustadområda deira. Dei skriv at dei spesielt er bekymra for auka trafikkbelastning, born sin skuleveg og evt. forureining, støy og lukt. Dei skriv at dersom det vert vurdert hensiktsmessig med utbygging av området, ber dei om at det vert gjort grundige undersøkingar med omsyn på lukt/ forureining og trafikktryggleik i området

Vågavegen/ Tømmervikvegen og vidare mot Skjersholmane. Dei ønskjer i så fall ein type industri som ikkje berører eit bustadområde i så stor tyngde at det fører til miljømessige plager noko dei i så fall ikkje vil akseptera.

Kommentar:

Planforslaget viser ei mindre utviding av industriområdet i Tømmervik. Området ligg ca. 400 – 500 m frå bustadfeltet i Hornelandsvågen. Rådmannen føreset at tilhøva rundt type industriaktivitet, auka trafikk, skuleveg, forureining m.v vert nærare avklart og nødvendige avbøtande tiltak fastsett i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området. Rådmannen vil og peika på at det no er bygd gang-/ sykkelveg langs hovudvegen frå krysset med Tømmervikvegen til Heiane.

27. Fronta Bolig AS, brev av 30.05.2011, meiner at når det gjeld krav om universell utforming, så må ein avgrensa kravet til at for bustadprosjekt med to eller fleire bueiningar så skal 50% ha universell utforming. Dei skriv at dei byggjer ein del 4, 6 og 8 mannsbustader i to etasjar. Med krav om 50% så kan heile 1. etasje i slike prosjekt byggjast med universell utforming. Aukar ein kravet til 2/3 deler så vil og bueiningar i 2. etasje måtta byggjast med universell utforming. Dei skriv at dette vil krevja heis der det ikkje er naturleg å nytta terrenget for inngang til 2. etasje, noko dei meiner vil fordyra slike prosjekt med 3 – 400.000,- pr. heis og 3 – 500.000,- pr bueining.

Dei skriv vidare at dei er usikre på dei foreslåtte krava til grad av universell utforming på nye einestader, m.a. korleis dei vil verta handtert i praksis. Dei spør om det er 50% av nye bustader i kommunen eller i eit nærare definert bustadfelt, og vidare kven det er som skal ta avgjerd om kva for bustader som skal byggjast etter universell standard. Dei meiner forskriftene må utformast slik at det vert klart korleis dette skal målast både slik at det vert føreseieleg og at forvaltninga ikkje vert tilfeldig.

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentaren til merknad 16.

28. Ing. Øyvind Jørgensen A/S, brev av 31.05.2011, viser til at det no er ny teknisk forskrift, TEK10, og at den set krav til universell utforming av nye bygg. Dei meiner at ved ny kommuneplan som er strengare enn det så bør samspelet mellom TEK10 og kommuneplanen vurderast nøye, og at krav som formannskapet har sett vil vera svært krevjande å tilpassa. Dei meiner krav til universell utforming av både uteområde og tal bustader bør vurderast i kvar enkelt reguleringsplan der både topografi og plassering vert teke omsyn til.

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentaren til merknad 16.

29. Valvatne Bygg AS, brev av 27.05.2011, peikar på at kommuneplanen skal vera eit styringsverktøy for ansvarleg søkjar, sakahandsamarar i kommunen og dei einskilde utbyggjarane, og at det difor er viktig å leggja vekt på å få ein plan som fungerer i praksis.

Når det gjeld universell utforming, så meiner dei kommunen ikkje har heimel i lova til å setja strengare føresegner i planen enn det som står i lova. Dei peikar på at kommuneplanen set krav til universell utforming i bustader, medan TEK 10 set krav til tilgjengeleg bueining. Og når det gjeld tal bueiningar ut over det som er krav i TEK 10, så bør det etter deira mening handsamast i kvar enkelt reguleringsplan for å gje mening. Dei meiner særskilt sentrumsnære planar bør stilla større krav til fleire tilgjengelege bueiningar. Dei viser til krav til tilgjengeleg bueining som alt er i TEK 10 og skriv at formannskapet bør setja seg inn i desse før dei kjem med urealistiske mål. Dei skriv at kommunen berre har lov å setja krav om kor mange bueiningar som skal utformast som tilgjengeleg bueining. Å setja strengare krav til tilgjengeleg bueining enn det som ligg i TEK 10,

meiner dei vil gå ut over dei økonomisk svakare stilte i samfunnet som unge nyetablerarar, eineførsørgjarar m.m. då det vil utløyse krav om heis, kan føra til store grunn- og terrengarbeid m.m.

Dei har og merknader til føresegnene sine krav til maks storleik på fritidsbustader. Dei meiner gesims- og mønehøgde må aukast med 1 m til maks 4,0 m og maks 6,5 m for å kunna få ei naturleg plassering i skrånande terreng. Maks BYA meiner dei må aukast frå 80 m² til 100 m² då det m.a. må takast høgde for balkong.

Og så finn dei det merkeleg at det ikkje er gjeve opning for oppføring av kai/ brygge utan at ein har naust. Dei meiner eksisterande fritidsbustader som grensar til sjø bør kunna få oppføra brygge/ kai.

Kommentar:

Når det gjeld universell utforming og tilgjengeleg bueining, viser rådmannen til kommentaren til merknad 16.

Rådmannen rår til å endra føresegnene slik at maks gesimshøgde og maks mønehøgde utan dispensasjon eller krav om reguleringsplan for fritidsbustader vert auka frå 3,0 m til 3,5 m og frå 5,5 m til 6,0 m. Dersom tilhøva likevel skulle vera slik at det kan vera aktuelt å tillata større byggehøgde på enkeltbygg, må det søkjast om dispensasjon og grunngjevast kvifor dei terrengmessige tilhøva ligg til rette for det.

Når det gjeld oppføring av kai/ brygge så opnar planen for at mindre kaiar/ brygger i tilknytning til eksisterande bygde nausteigedomar kan oppførast utan dispensasjon eller reguleringsplan. Rådmannen meiner ein ikkje bør gje ei generell opning for at det kan byggjast nye brygger/ kaiar utan at det er avklart i kommuneplanen eller i reguleringsplan.

30. Harald Fritzvold, epost av 31.05.2011, meiner at for å unngå ei rekkje private reguleringsplanar og søknader om dispensasjonar, så bør rammene for eksisterande bygde bustad-, fritidsbustad- og nausteigedomar aukast. Han meiner tomtearealet bør aukast frå mellom 500 – 1000m² til mellom 500 – 2000m², at maks BYA og BRA bør aukast, at maks avstand frå kai/ bryggefront bør aukast og at det bør vera slik at det er tillate å oppføra plattingar/ utegolv/ levegger, utepeisar eller liknande dersom det ikkje gjer allmenn ferdsel vanskelegare.

Kommentar:

Rådmannen er ikkje samd i at rammene for kva som kan gjevast løyve til utan dispensasjon eller reguleringsplan bør utvidast utover det som det no er gjeve opning for gjennom føresegnene.

31. Gøtz AS på vegne av gnr/ bnr 51/48 på Føyno, brev av 03.05.2011, sender inn att innspel om område for naust og småbåthamn som dei er usikre på om er vurdert.

Kommentar:

Foreslått område for naust og småbåthamn vart ikkje teke med i planforslaget. Rådmannen vil ikkje rå til å ta området inn mellom anna fordi det vil krevja ny høyring før planen kan leggast fram for kommunestyret for vedtak.

32. Ida Titlestad Sandvik og Camilla Dahl Kyvik, brev av 26.05.2011, skriv at som bebuarar i Kyvik der dei mellom anna driv med landbruk, så ser dei på ei utbygging på Kvernaneset som ein stor og alvorleg trussel for deira vidare landbruksdrift. Dei spør kvifor ein skal øydeleggja det som faktisk er att av landbruksområde på Stord når det er så mykje ledig plass i Sagvågsområdet. Dei er og bekymra for auka trafikk gjennom Kyvik og forbi gardstuna deira og spør m.a. kor sikker skulevegen då vert for born på Rommetveit skule.

Kommentar:

Rådmannen rår til å ta området B -25 Kvernaneset ut av planen mellom anna på bakgrunn av dei sterke protestane frå bondeorganisasjonane og bebuarar og grunneigarar i området. Kommunen eig berre ein del av området og rådmannen ser det som lite ønskeleg å opna for ei utbygging av berre den delen. Rådmannen meiner og ei utbygging av eit større byggefelt så langt frå sentrum og arbeidsplassar vil vera i strid med prinsippa om samordna areal og transportplanlegging og redusert energibruk.

- 33. Nils Tore Gram Økland, brev av 25.05.2011,** meiner at bustadfelt på Kvednaneset må takast ut av planforslaget. Han viser til at utbygging av Kvednaneset har vore oppe som politisk sak dei siste 10 – 15 åra i fleire samanhengar og vedtaka har gått i sama retning at området ikkje skal byggjast ut. Han viser til området sin omtale i Landbruksplanen, Arealanalysen for Nordbygdo, Kommuneplanen for Stord 2004 – 2015 og utgreiinga om Kvednaneset som alternativ stad for ferjeleie for Kvinnheradsambandet som alle har vore gjennom politiske prosessar og vedtekne av kommunestyret. Han meiner denne saka ikkje berre handlar om å ta vare på eit verdifullt og strategisk viktig areal på Stord, men at den og dreier seg om truverde til dei politiske prosessane, planane og avgjerdene i Stord kommune.

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentaren til merknad 32.

- 34. Knut Vikane og Jomar Grov, udatert brev,** skriv innleiingsvis at dei rosar prosjektgruppene for grundig arbeid, og at dei hovudmåla og resultatmåla som er skissert i arealdelen og temaplanen for grøntstruktur er godt gjennomarbeidd og tek sikte på å oppretthalda eit berekraftig Stordsamfunn. Dei stiller seg difor undrande til at innstillingane ikkje alltid samsvarar med eigne definerte mål og reagerer og på at administrasjon og politikarar innstiller og gjer vedtak i strid med det. Dei stiller seg undrande til att kommunen sin eigeidom i Fuglavikjo er med i innstillinga. Dei skriv at det aktuelle området frå Fuglavikjo til Grov er eit skogsområde med høg bonitet og av stor verdi for dei berørte gardsbruka, og at området dessutan er eit urørt og rikt friluftsområde med skogsstiar og naturleg strandline som er mykje nytta av ålmenta. Dei skjønar ikkje kvifor det hastar slik å pressa fram ei utbygging i dette området før ein har teke ei grundigare vurdering av trongen for nye bustader. Dei meiner kommunen i staden burde satsa på ei opprustning av dette eineståande friluftsområdet. Dei forventar tilbakemelding frå dei respektive partia både for å få svar på spørsmåla deira og for å få klargjort kor dei står i denne saka.

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentaren til merknad 32.

- 35. Are Gram Økland, epost av 02.06.2011,** er overraska over at auka trafikk med alt det fører med seg ikkje er nemnd i utgreiinga. Han meiner ein må sjå på dei trafikkøkonomiske og miljømessige aspekta ved eit slikt prosjekt, og spør om det ikkje er meir hensiktsmessig å plassera ei så stor utbygging i område der transportbehovet vert mindre. Dersom denne utbygginga skulle verta ein realitet, meiner han det vert svært viktig at det vert lagt opp til at mest mogeleg av trafikken skal gå ut på Ev39 for å unngå unødig trafikkbelastning på fylkesvegen.

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentaren til merknad 32.

36. Gunnar Hageberg, brev av 01.06.2011, meiner det vert trong for minst 10 parkeringsplassar dersom det vert nye naust og minst 20 båt plassar i Kyvik slik planforslaget viser. Han meiner dette vil føra til stort inngrep i eit verdifullt landskaps- og friområde. Etter hans meining er det langt meir framtidsretta å planleggja ei større småbåthamn for Fjellgardane og nordre Rommetveit ved Kvednaneset.

Kommentar:

Det må lagast reguleringsplan for området før arbeidet med båthamna eller bygging av nye naust kan ta til. Reguleringsplanarbeidet må leggja til grunn at utbygginga må gjerast så skånsomt som mogeleg og visa korleis tilkomst og parkering skal løysast. Det er lagt omsynssone vern av kulturmiljø over området (H570_165) som skal vera ein viktig premiss ved utarbeiding av reguleringsplanen.

37. Reidar Brevik, brev av 05.05.2011, ønskjer at eit lite areal på gnr.26 bnr.5 ved Hystadvegen vert vist som bustadområde. Han viser til at arealet grensar inn til eit lite areal på gnr.26 bnr.1 som er vist som framtidig bustadområde. Han meiner det er naturleg å sjå desse areala i samanheng.

Kommentar:

Dette er eit nytt innspel som ikkje var med då planforslaget vart utarbeidd og sendt på høyring. Rådmannen vil ikkje rå til å ta området inn no då det vil føra til at planen må sendast på ny høyring før planen kan leggjast fram for kommunestyret for vedtak. Tilliggjande område er etter innspel frå grunneigar vist som planlagt bustadområde slik det vert vist til. Rådmannen meiner det kan vera aktuelt å sjå desse områda i samanheng når det vert fremja reguleringsplan.

38. Tveita Gard As, brev av 25.05.2011, viser til innsendte planar om å flytta dagens hestesportløype/ ridevolte på Tveita/ Prestegarden og å byggja ut gnr.22 bnr.181 og 188 til bustadforemål. Dei skriv at dei har skriva ei betinga avtale med hestesportsinteressene på Stord om å påta seg flyttinga og byggja opp eit nytt anlegg for dei. Dei viser til at pliktene dei påtek seg etter denne avtalen har ein stor kostnad og difor er avhengig av at dei får gjennomført planane om bygging av bustader. Men uavhengig av hesteinteressene meiner dei det må vera rett å leggja tilhøva til rette for bustadbygging m.a. på bakgrunn av at kommunen har investert betydeleg i ny infrastruktur i området (barneskule, ungdomsskule, idrettsanlegg og tilhøyrande veglegg).

Kommentar:

Foreslått flytting av området for hestesport og omdisponering av eksisterande område for hestesport til område for bustad/ næring er vist i planen. Det er krav om områderegulering.

39. Stord Hestesportsenter, Stord Ride- og Køyreklubb og Sunnhordland Tråvlag, brev av 24.05.2011, meiner planane om flytting av hestesportanlegga er ei svært god løysing. Dei peikar på at det er positivt at det vil verta liggjande vegg i vegg med Islandshestsenteret, at det er naudsynt for dei å få god avstand til golfbane og at dei får styring og kontroll med aktiviteten i travløypa. Slik det er i dag byr dette på store problem for dei. Dei viser til at det alt er løyvd 460.000,- over tippemidlane til lyssetjing av hestesportanlegget, at pengane må nyttast innan to år og at dei difor ønskjer ei snarleg avklaring.

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentaren til merknad 38.

40. J.Tufteland AS på vegne av Den Kristelige Menighet Stord, epost av 31.05.2011, skriv at dei har kjøpt gnr.62 bnr.4 og at dei ønskjer å utvikla området med eit utvida tilbod ved Stord Konferansesenter. Dei ønskjer 2 – 3 nye bygningar i tillegg til å setja i stand eksisterande bygningar. Dei ønskjer å nytta området til leik og idrett, dyrehald, tilbod for vanskelegstilte born, teambuilding og liknande.

Kommentar:

Dette er eit nytt innspel som ikkje var med då planforslaget vart utarbeidd og sendt på høyring. Rådmannen vil ikkje rå til å ta området inn no då det vil føra til at planen må sendast på ny høyring før planen kan leggjast fram for kommunestyret for vedtak.

41. Jakob Bjelland, epost av 01.06.2011, ønskjer å gjera om deler av eigedomen sin langs Kjøtteinsvegen frå LNF til bustad. Han skriv at det er særskilt utfordrande å driva jordbruk i eit område med tett busetnad. Vidare ønskjer han å

- Å regulera eit område i Sponavik om til bustad i tråd med vedtak i sak om kommunedelplan Leirvik
- At deler av eigedomen hans innafor reguleringsplanen for Djupavikjo/ Teinevikjo vert regulert til LNF-område då skogen her er eit aktivt næringsområde og planen bør gjenspegla reell bruk
- Å regulera ei nausttomt i Djupavikområdet
- Å regulera eit område langs sjøen nordaust for Sponavik Camping til næring
- At omsynssona H530-138 vert plassert i Sponavikjo for å unngå misstydingar
- At omsynssone H560-128 Gullberg, vern av naturmiljø vert teken ut av planen då dette er inngrep i den private eigedomsretten og det ikkje finst planar om inngrep som truar området
- At funksjonell strandsone H500-155 Naustvågen- Djupavik vert teke ut av planen då denne ligg særskilt sentralt i byen og det er vanskeleg å sjå kvifor kommunen friviljug skal avgrensa framtidig utnytting av eit potensielt viktig område for utvikling av byen.

Kommentar:

Området langs Kjøtteinsvegen er eit nytt innspel som ikkje var med då planforslaget vart utarbeidd og sendt på høyring. Rådmannen vil ikkje rå til å ta området inn no då det vil føra til at planen må sendast på ny høyring før planen kan leggjast fram for kommunestyret for vedtak.

Bustad i Sponavik, nausttomt i Djupavikområdet, næring langs sjøen nordaust for Sponavik Camping og omgjerding av område frå friområde til LNF-område i Sponavik er og nye innspel som ikkje var med då planforslaget vart utarbeidd og sendt på høyring. Desse tiltaka ligg innanfor gjeldande eldre reguleringsplan som det er aktuelt å erstatta med ny plan. M.a. har campingplassen ønske om utviding og det er aktuelt å vurdera ny veg til friområdet og badeområdet i Sponavik. Rådmannen ser det som aktuelt å vurdera omfang og evt. kommunalt engasjement i eit reguleringsplanarbeid her i samband med planstrategien som skal utarbeidast og vedtakast av kommunestyret i løpet av 2012.

Når det gjeld dei ulike omsynssonene, så ligg det klare kriteri til grunn definisjon og kartfesting av dei. Omsynssona H560_128 Gullberg er eit av fleire området som er kartlagt som svært viktig naturtypeområde (A-område) i kartlegginga og verdifastsetjinga av naturtypar i Stord og Fitjar. Kommunen er forplikta til å ta omsyn til dette m.a. som følge av naturmangfaldslova.

Området med omsynssone H500_155 er kartlagt som funksjonell strandsone etter dei kriteri som er lagt til grunn for kartlegging av strandsona. Kommunen har kartlagt det meste av strandsona i dette kommuneplanarbeidet og kan ikkje unnlata å leggja resultatata frå desse kartleggingane inn på plankartet.

Området med omsynssone H530_138 er kartlagt som eit av fleire større og viktige område for friluftsliv der naturkvalitetane og området sine verdiar for friluftslivet skal ivaretakast.

42. J.Tufteland AS på vegne av Heiane Sør AS, epost av 31.05.2011, sender over støyrapport frå Kjelde Akustikk AS og endra forslag til grenser/ planforslag for Heiane Sør og ber om at dette vert lagt inn i den nye kommuneplanen.

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentarane til merknad 23.

43. Heiane Sør AS, brev av 15.06.2011, viser til uttalen frå fylkesmannen med motsegn til deler av Heiane Sør. Når det gjeld evt. avrenning av tungmetall til ulike resipientar som følgje av anleggsarbeid viser dei til at dette vert teke høgde for ved av ny sigevassleidning frå Heiane Vest er dimensjonert for å ta sigevatn og frå ei evt. utbygging på Heiane Sør.

Når det gjeld vinterbeiteområde for hjort, viser dei til at dette i all hovudsak er på vestsida av planlagt byggeområde, og viser til vedlagt skriv frå Stord Hjortevald og Horneland Jaktfelt der hjortetrekkt er teikna inn på kart.

Dei finn og grunn til å peika på at dei meiner kommunen har påtrengjande behov for ei slik utbygging som dei foreslår, både når det gjeld bustader, skular, barnehagar og næringsareal. Dei peikar på at næringsareala på Heiane Vest vil vera disponert om forholdsvis kort tid og at kommunen påny vil mangla næringsareal.

Kommentar:

Fylkesmannen har trekt motsegna mot Heiane Sør og området er oppretthalde i planforslaget.

44. Heiane Sør AS, brev av 15.06.2011, sender over endra forslag til arealavgrensingar basert på utarbeidd støyrapport, Aker Stord sine spørsmål til buffersone m.m.

Dei kommenterer og grunngjev og ønsket deira om småbåthamn ved Skjersholmane.

Kommentar:

Rådmannen viser til kommentarane over.

45. Horneland Jaktfelt, brev av 01.06.2011, skriv at området Heiane Sør og Tømmervikjo er ein viktig habitat for hjortestamma i kommunen, og at tett busetnad i dette området vil fortregja denne delen av hjortestamma. Desse hjortane vil då truleg flytta seg mot andre område der det kanskje er for mykje hjort frå før.

Kommentar:

Rådmannen er samd i at dette er ein konsekvens av utbygging av Heiane Sør og Tømmervikområdet. Konsekvensane for hjorten og trekkruiter som følgje av foreslått utbygging, også foreslått utviding av Heiane Vest, har difor vorte nærare utgreidd og m.a. vurdert av Stord Fitjar Landbruks og Miljøkontor. Fylkesmannen hadde og motsegn til deler av området m.a. ut frå konsekvensane for hjorten. Etter ny vurdering har fylkesmannen trekt motsegna, og området er oppretthalde som planlagt utbyggingsområde.

46. Kjell Håvard Sævareid, epost av 06.06.2011, meiner at Lønnelund, Sævhølstunet, Lio, Smalhusaugen 1, Smalhusaugen 2 og Frugardshagen i forslaget deira til reguleringsplan for Frugarden aust for Frugardselva må med i planen. Vidare meiner dei at sykkelvegen-/ prosesjonsvegen langs Ådlandsvegen må liggja langs elva. Dei har elles innspel om Frugardstunet, barnehage langs Frugardselva, lett næring like sør for foreslått barnehage, næringsområde Ås, utbyggingsområde Sæ Vest, Utbyggingsområde Sæ Aust, skogen/ nytt kryss E39, Frugardsskogen som skogs- og friluftsområde, elvepromenade, Gildeskålsbakken og

Frugardsberget/ Tiendebuå. Forslaga er kommentert og grunnjevne, det ligg med ei kartlegging av vegetasjonen langs nedre del av austsida av Frugardselva og det er laga eit oppsett av positive konsekvensar av alle innspela.

Kommentar:

Etter motesegner frå fylkesmannen og fylkeskommunen er Lønnelund og Smalhusaugen tekne ut av planen. Lio lengst nord og på nedsida av Ådlandsvegen er oppretthalde som bustadområde. Sævhølstunet og Frugardstunet har ikkje vore tilrådd og var ikkje med i planforslaget som vart sendt på høyring.

Sykkelvegen/ prosesjonsvegen er vist på austsida av Ådlandsvegen. Rådmannen rår til at dette vert oppretthalde og at dette ligg til grunn for utarbeiding av reguleringsplan for strekningen.

Rådmannen vil ikkje rå til barnehage og lett næring mellom elva og Ådlandsvegen. Næringsområde Ås, utbyggingsområde Sæ vest og Sæ aust ligg inne i gjeldande planar og vidare detaljering av desse områda vert avklart gjennom reguleringsplanar som må fremjast og vedtakast før utbygging kan skje.

Rådmannen er positiv til Sævareid sine tankar om Frugardsskogen, elvepromenade langs vestsida av elva, Gildeskålsbakken og Frugardsberget/ Tiendebuå.

- 47. Marie og Ulf Skogvold, brev av 01.06.2011,** viser til området på gnr.54 bnr.1 som er lagt inn som nye bustadtomter og til at det er føresett vegtilkomst frå eksisterande veg gjennom eksisterande bustadfelt. Dei peikar på at området som no er teke med for utbygging ligg på eit mykje lågare nivå og at det er ein leikeplass mellom det nye området og veggen. Dei meiner dette gjer det vanskeleg med tanke på veg og va- anlegg og foreslår i staden å gå inn med ny veg frå Sætravikvegen og samstundes få utvida feltet noko mot sør.

Kommentar:

Rådmannen meiner dette kan vurderast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området.

- 48. Kari Melkevik Lunde, brev av 31.05.2011,** viser til fylkesmannen sin klage på søknaden deira om å byggja hytte på gnr.60 bnr.231. Dei viser til at søknaden vart godkjent av kommunen 10.11.2009, men avslått av fylkesmannen 12.05.2011. Dei viser vidare til dei nye planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona der Stord kommune er sett i kategorien "område med mindre press på areala" og til at fylkesmannen skriv at slik utbygging i 100 meters beltet normalt må avklarast i kommuneplanen for at løyve skal kunna gjevast.

Kommentar:

Rådmannen har på bakgrunn av tidlegare sak bedt fylkesmannen vurdere dette på nytt i samband med ny vurdering av motsegnene. Dersom fylkesmannen no ikkje har merknader til bygging på denne tomte slik det er søkt om og kommunen tidlegare har gjeve løyve til, vil tomte verta lagt inn som byggeområde i planen.

- 49. Reidar Aksnes, brev av 31.05.2011,** viser til sitt tidlegare innspel om at deler av strandlina fram til Petarteigen sitt naust vert sett av til veg, båtplassar og sjøhus, og at dette berre delvis er teke til følge. Han ønskjer at det vert regulert for båthamn heilt fram til naustet. Sekundært ber han om at området mellom noverande terskel og naust også vert avsett til båtplass og sjøhus. Han viser til at området er bratt, ulendt og vanskeleg tilgjengeleg, at området vil få langt større

utnytting og at ei slik utbygging kan kombinerast ved å fjerna terskel/ demning som han som ansvarleg for den ønskjer.

Kommentar:

Rådmannen meiner dette kan vurderast på nytt i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området.

50. Leif E. Christoffersen, brev av 31.05.2011, viser til at dei tre hyttetomtene hans ved Søre Prestkonevik ved flyplassen er oppretthalde som LNF – område. Han foreslå no at i staden for ei hytte på kvar av tomtane, så vert det godkjent vidare bygging av ei ny hytte på tomte der det i dag står ei lita eldre hytte. Han vil då sørjja for at ny hytte her som erstatning for den eksisterande vert plassert lengre oppe på tomte lengst mogeleg frå sjøen, fråfalla kravet om bygging på dei andre to tomtane og at alle tre tomtane vert slått saman til ei tomt dersom det er ønskeleg.

Kommentar:

Planen legg no til rette for at det kan byggjast ei hytte til erstatning for den eksisterande hytta som står her.

51. Elin Liseth og Jostein Økland, brev av 26.05.2011, viser til tidlegare brev og opprettheld søknaden om å få frådelt ei tomt på garden med tanke på eit lettstelt husvære. Dei viser til at dei tidleg i planlegginga konfererte med landbrukssjefen som ikkje hadde innvendingar til ei slik løysing. Dei meiner tomte er plassert heilt i utkanten av garden, her er grunnlendt med fjell i dagen, at det ikkje eksisterer noko buffersone i praksis her og at dei reknar med at opninga i steingarden som dette vil medføra vil verta gjort på ein god måte som ikkje vil skjemma området.

Kommentar:

Rådmannen vil ikkje rå til at det vert ikkje opna for bygging her. Dette er og eit innspel som ikkje var med då planforslaget vart utarbeidd og sendt på høyring. Dersom det no vert vist byggetomt her må planen sendast på ny høyring før planen kan leggjast fram for kommunestyret for vedtak.

52. Helge Lindeflaten, brev av 30.05.2011, viser til ønsket deira om å få tilrettelagt for ei framtidig bustadbygging på eigedommen. Dei er ikkje samd i det avgrensa forslaget som er vist. Dei viser til gardsdrifta som i dag vert drive på hobbybasis ikkje er drivverdig reint økonomisk og truleg vil verta avvika innan få år. Dei meiner deira ønske ikkje går ut over grøntområdet det er vist til og at dersom dei ikkje får høve til å nytta arealet til anna enn det er i dag så vil det innan få år gro att med lauvskog.

Kommentar:

Rådmannen vil ikkje rå til at området vert større enn det som planforslaget viser. Dersom området no vert utvida må planen sendast på ny høyring før planen kan leggjast fram for kommunestyret for vedtak.

53. Øyvind Nitter, epost av 31.05.2011, viser til at dei som bur langs Borggata frå Skrivarvegen til kyrkja "druknar" i trafikk på grunn av stor aktivitet i næringslivet og nye bustadfelt. Han meiner det ikkje må setjast eit spatak i jorda for nye bustader som soknar til vegen før det er skapt tangentar frå Hystad og Ådland til E 39, at alle nye bustadfelt må stoppast inntil strekkja mellom kyrkja og Skrivarvegen er avlasta med tangentar, og at betre og meir oversiktlege kryss

mot E 39 og fartsdemparar i Borggata mellom kyrkja og Sæ vil stimulera til endra trafikkmønster der m.a. tangenten frå Haga til E 39 vert meir brukt.

Kommentar:

Rådmannen er samd i at dette er ei viktig problemstilling som det må arbeidast vidare med, men kan ikkje rå til at det vert stopp for all nybygging i dette området før det evt. er bygd avlastingsveggar. Evt. fartsdempande tiltak, redusert fartsgrense, tiltak for å leia meir av trafikken frå Haga til E 39 (via Vestlivegen) vil verta vurdert i samband med revidering av trafikksikringsplanen.

Vurdering/konklusjon

Etter høringsrunden og offentlig ettersyn er det gjort følgjande endringar:

Arealdelen: Bustadområda B – 2 Rommetveit (nordre delen), B – 3 Frugarden (dei to delområda Lønnelund og Smalhaugen), B – 12 Hystad, B – 16 Tyse/ Vestlio, B – 17 Tyse/ Ørehaug, B – 25 Kvernaneset og B – 28 Ådland (den nordvestre delen) er tekne ut av planan.

Alle områda bortsett frå B – 16 Tyse/ Vestlio og B – 25 Kvernaneset er tekne ut av planen etter motsegner frå fylkesmannen og fylkeskommunen. Fylkesmannen opprettheld desse motsegnene av jordvernomsyn og har meddelt at han ikkje finn grunnlag for vidare mekling og at planen må avgjerdast av miljøverndepartementet dersom kommunen opprettheld områda.

Området B – 16 Tyse/ Vestlio vert rådd til å ta ut av planen fordi rådmannen rår til at området bør liggja som ein buffer og eit mogleg ekspansjonsområde for idretts- og fritidsaktivitetar.

Området B -25 Kvernaneset vert rådd til å ta ut av planen på bakgrunn av dei sterke protestane frå bondeorganisasjonane og bebuarar og grunneigarar i området. Kommunen eig berre ein del av området og rådmannen ser det som lite ønskeleg å opna for ei utbygging av berre den delen. Rådmannen meiner og ei utbygging av eit større byggefelt så langt frå sentrum og arbeidsplassar vil vera i strid med prinsippa om samordna areal og transportplanlegging og redusert energibruk.

Plankartet viser no alle eksisterande bebygde nausteigedomar som LNF – spreidd slik fylkesmannen har kravd.

Føresegnene: Føresegnene har fått nokre tillegg og endringar slik det går fram av kommentarane til merknadane framfor. Føresegnene ligg som eige vedlegg i saka og tilleggane og endringane er vist med raud skrift.

Tekstdelen: Det vil verta gjort nokre mindre tillegg og opprettingar i tekstdelen slik det går fram av kommentarane til merknadane framfor. Tillegga og rettingane vil verta lagt inn i tekstdelen etter at kommunestyret har handsama planen og før den endelge tekstdelen vert trykt opp.

Nye innspel og vidare oppfølging av dei enkelte delområda i tekstdelen vert følgt opp og teke stilling til i det årlege arbeidet med økonomiplanen, i pågåande arbeid med skulebruksplanen, plan for rehabilitering, helse og omsorg, trafikksikringsplanen, folkehelseprosjektet, rullering av klima- og energiplanen m.v.

Rådmannen vil og peika på planstrategien som eit nytt og viktig planverktøy. Plandelen i ny Plan- og bygningslov som tok til å gjelda frå 01.07.2009 har innført planstrategi som eit nytt planverktøy. § 10-1 i Pbl slår fast at kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode og seinast eit år etter konstituering skal utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien erstattar tidlegare krav i Pbl om obligatorisk rullering av kommuneplanen.

Føremålet med planstrategien er å setja fokus på dei planoppgåvene kommunen bør starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ei positiv utvikling. Stikkord for innhaldet/ fokusområde er:

- Drøfting av strategiske val for samfunnsutviklinga i kommunen
- Vurdering av planbehov i perioden, forslag til prioriterte planoppgåver
- Skal vera politikk, strategiar, planbehov, ressursbehov og ikkje konkrete retningslinjer eller detaljert arealbruk

I arbeidet med planstrategien skal det innhentast synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar, og det bør leggjast opp til brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for handsaminga i kommunen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming. Det første planstrategidokumentet skal liggja føre og vedtakst av kommunestyret i løpet av 2012.

Rådmannen meiner at det ved revideringa av kommuneplanen denne gongen er gjort eit svært omfattande arbeid med plankartet, føresegnene og tekstdelen som vil gjera seinare revideringar langt mindre ressurskrevjande.

Rådmannen rår til at forslaget til kommuneplan for 2010 - 2021 med plankart, føresegner og teksdel med endringar slik det går fram over vert vedteken.

Dersom kommunestyret vil treffa vedtak om kommuneplanen sin arealdel som medfører bruk av areal som ikkje har vore gjenstand for høyring under planhandsaminga, må dei delane av planen som ein ønskjer endra takast opp til ny handsaming, jf. Plan- og bygningslova § 11-15.

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret vedtek med heimel i § 11-15 i Plan- og bygningslova kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021.